



HØGSKULEN I VOLDA

Rapport og planar 2013-2014

Innhold

1. INNLEIING.....	2
STYRETS VURDERING AV EIGE ARBEID	2
STRATEGIPLAN FOR HØGSKULEN I VOLDA	3
UTFORDRINGAR OG SENTRALE RISIKOVURDERINGAR.....	5
2. RESULTATRAPPORTERING FOR 2013	8
SEKTORMÅL 1 – UTDANNING	8
SEKTORMÅL 2 - FORSKING	14
SEKTORMÅL 3 - FORMIDLING	17
SEKTORMÅL 4 - ORGANISERING	20
3. PLANAR FOR 2014	25
SEKTORMÅL 1 – UTDANNING	25
SEKTORMÅL 2 - FORSKING	30
SEKTORMÅL 3 - FORMIDLING	34
SEKTORMÅL 4 - ORGANISERING	37
3.2 PLAN FOR TILDELT LØYVING 2014	42

1. Innleiing

Kapittel 1 omhandlar det som vi ser på som dei største utfordringane våre og ei oppsummering av strategiane. Kapitlet har eit meir langsiktig perspektiv enn dei to andre. Kapittel 2 er resultatrapport for 2013 og kapittel 3 er planar for 2014.

Under utfordringar i kapittel 1 vurderer vi dei sentrale risikoane, medan vi i kapittel 3 er meir konkrete i vurderingane. Vi konsentrerer oss om dei risikoane vi meiner er mest sentrale, og vi har relatert dei til aktuelle verksemdmål.

Det har vore halde sju styremøte i 2013, og det har vore arrangert eitt styreseminar der hovudtemaet var mogleg omorganisering av lærar- og medieutdanningane ved høgskulen.

Høgskulen i Volda (HVO) har fire avdelingar, og i dokumentet er forkortingane nytta:

AKF - Avdeling for kulturfag

ASH - Avdeling for samfunnsfag og historie

AMF - Avdeling for mediefag

AHL - Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning

Styrets vurdering av eige arbeid

Hovudinstrykket er at Høgskulen i Volda har eit velfungerande styre. Medlemene oppfattar som regel saksførebuinga som grundig og klar. Ein er også godt nøgde med møteleiinga og stemninga i styremøta.

Saksmengda er ofte stor – både når det gjeld talet på saker og omfanget av utgreiing med vedlegg. Møteinnkalling og sakspapir vert no berre formidla elektronisk, og i vårsemesteret 2013 fekk alle styremedlemene nettbrett til arbeidet. Den overgangen har vore svært vellukka.

Vi er framleis opptekne av korleis styret kan avlastast frå detaljar og få meir tid til konsentrasjon om overordna strategi og lange linjer. På initiativ frå dei eksterne medlemene planla vi såleis på seinhausten 2013 ein ekstra seminardag for styret i tilknytning til januarmøtet 2014. Her fekk vi sett fokus på høgskulen si rolle i høve til nasjonale utviklingsdrag og ikkje minst på korleis styret kan fungere endå betre som strategisk organ.

Det er ganske krevjande for nye studentrepresentantar å setje seg inn i styrearbeidet kvart år. Kanskje bør det vurderast ei lovendring som opnar for to-års-periodar for studentane? Vi slit også med at dei eksterne medlemene no har personlege vararepresentantar. Ved å gå tilbake til ordninga med nummererte varafolk, vil ein kunne sikre større stabilitet og betre oppmøte.

Strategiplan for Høgskulen i Volda

Visjon

Kunnskap for framtida

Verdiar

Høgskulen i Volda skal halde høgt verdiar som tillit, respekt, openheit og ærleg framferd

HVO skal vere ein inkluderande, relevant og uavhengig institusjon.

Samfunnsoppdraget

Utdanning, forskning og formidling

I 2020 skal Høgskulen i Volda vere

- ein institusjon som gjev fag- og profesjonsutdanningar på BA-, MA- og PhD-nivå for skule og barnehage, velferd, media og kultur
- ein institusjon med eit levande, attraktivt og godt studiemiljø med tett kontakt mellom lærar og student og mellom ulike studentgrupper
- nasjonalt leiande innanfor yrkesretta medieutdanning og anvendt medieforskning
- ein institusjon som profilerer seg med eit breitt og offensivt lærarutdanningsmiljø med høg kvalitet
- ein institusjon med eit særleg ansvar for nynorsk i fag- og profesjonsutdanning
- ein institusjon med særleg satsing på utvikling av kunstnarlege kvalitetstilbod for born og unge
- mellom dei fremste i landet på fleksible utdanningstilbod
- leiande på nettbaserte studium
- ein viktig samarbeidspartnar i regional utvikling

Utdanning og studiemiljø

- HVO skal vere tufta på profesjonsretta grunnutdanningar av høg kvalitet
- Utdanningane ved HVO skal utviklast i samspel mellom regionalt arbeidsliv, nasjonale krav og internasjonale impulsar
- Utdanningane ved HVO skal utvikle kunnskap, kulturforståing, evne til kritisk refleksjon og kvalifisere til arbeid i eit fleirkulturelt samfunn
- HVO skal utvikle fleksible femårige utdanningsløp med utgangspunkt i BA-utdanningane
- HVO skal leggje til rette for og stimulere til livslang læring i nært samspel mellom utdanning og arbeidsliv, forskning og utviklingsarbeid
- HVO skal styrkje kvaliteten i og auke omfanget av internasjonale tilbod
- HVO skal vidareutvikle fleksible utdanningstilbod av høg kvalitet

Forskning og utviklingsarbeid

- HVO skal stimulere til tverrfagleg forskings- og utviklingsarbeid
- HVO skal auke internasjonaliseringa av FoU-arbeidet

- HVO skal gje studentar innsikt i og erfaring med FoU-arbeid ved å integrere dei i konkrete prosjekt.
- HVO skal organisere FoU i forskingsgrupper og program med tydeleg leiing

Samfunnsoppdrag og kunnskapsdeling

- HVO skal vere ei kunnskapsbasert og kritisk røyst i samfunns- og utdanningsdebatten
- HVO skal samarbeide aktivt med offentlege verksemder og næringsliv regionalt og nasjonalt.
- HVO skal stimulere til kunnskapsdeling og dialog knytt til høgskulen si utdannings-, formidlings- og forskingsverksemd

Organisering, personalpolitikk og administrasjon

- HVO skal gjennom eigen personalpolitikk medverke til eit godt arbeidsmiljø og eit mindre kjønnsdelt arbeidsliv
- HVO skal satse sterkt på aktiv rekruttering, lønspolitikk og kompetanseheving av medarbeidarane
- HVO skal til ei kva tid ha ein oppdatert og godtfungerande infrastruktur
- HVO skal arbeide for forenkling av administrative rutinar

Samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon

- HVO skal samarbeide med leiande fagmiljø regionalt, nasjonalt og internasjonalt for å fremje kvalitet i undervisning, forskning og utviklingsarbeid.
- HVO skal samarbeide med andre utdanningsinstitusjonar med sikte på arbeidsdeling og auka kvalitet for å tryggje høgskulen si framtid og regionen sitt framtidige kompetansebehov

Tiltak i perioden 2014 til 2017:

- Etablere ny yrkesfaglærarutdanning i ramma av Mørealliansen
- Utvikle mastertilbod på fleire fagområde og samordne dei eksisterande
- Etablere PhD i helse- og sosialfag saman med Høgskolen i Molde
- Vidareutvikle Seanse – senter for kunstproduksjon
- Styrkje teknisk infrastruktur og heve fagleg-pedagogisk kompetanse for vidare satsing på digitalisering og fleksible studietilbod
- Utarbeide og implementere ein rekrutterings- og kompetansehevingsplan
- Auke dei eksterne inntektene gjennom fornya satsing på bidrags- og oppdragsaktivitet
- Auke forskingsinnsatsen gjennom både individuelle FoU-ressursar og større integrerte program med nasjonale og internasjonale nettverk
- Styrkje det internasjonale tilbodet i utdanningane ved å tilby undervisning og pensum på engelsk i utvalde program/emne
- Gjennomføre eit campusprosjekt for oppgradering og utviding av bygningsmassen
- Utvikle det faglege og organisatoriske samarbeidet innafor UH-nett Vest, RSA Møre, Mørealliansen og Møreforskning

Utfordringar og sentrale risikovurderingar

Rekruttering og gjennomstrøyming

Utviklinga i 2013 viste at HVO har stabilisert studenttala på profesjonsutdanningane på eit relativt høgt nivå, men vi er framleis ikkje nøgde med talet på søkjarar til lærarutdanningane. GLU 5-10 hadde rett nok ein positiv auke, men GLU 1-7 gjekk relativt mykje ned – motsett tendens frå året før. Resultata for kandidatproduksjonen viser samla sett sterk oppgang. Oppgangen gjeld alle typar kandidatar: Bachelor, master og PPU. Data frå KD-portalen 2013 om nasjonale styringsparameter viser at HVO er best på gjennomstrøyming på bachelor. Siste Tilstandsrapport viste at HVO er nest best på gjennomstrøyming på lærarutdanning. Vi har likevel ein del fråfall undervegs i studia. Noko av dette er pårekneleg: studentar finn ut at utdanninga ikkje passer for dei, nokre blir rettleia ut av studiet - dette skjer særleg på lærar- og sosialfagutdanningane. HVO har mange deltidsstudentar som arbeider ved sida av studiet, og nokre finn ut at dette ikkje lar seg kombinere. Vi arbeidar for tida med undersøkingar for å finne ut av fråfallsproblematikken, men vi meiner framleis at den største utfordringa er å syte for vidare auke i søkjartala for å sikre oss dei beste studentane.

Med unntak av medieutdanningane er studia våre profilerte mot offentleg verksemd og spesielt kommunal verksemd. Storparten av studentane er frå regionen og vi utdannar til arbeid i regionen.

Medieutdanningane og mange av fagutdanningane rekrutterer godt, men den manglande rekrutteringa av studentar til velferdsstatens yrke er ei stor utfordring for regionen og for høgskulen. Til dømes utdanna Høgskulen i Volda 127 lærarar i 2012 (allmenn, GLU og PPU). Dette er ein auke på 18 frå året før. Behovet i regionen vil vere nærare 500 i året dei komande 10 åra. Høgskulen i Volda vil arbeide systematisk med spesielle tiltak for å auke rekrutteringa til lærarutdanningane og sosialfagutdanningane.

Rekruttering og kvalifisering av tilsette

Høgskulen i Volda har ein fagstab på 200 på heil- og deltid. På grunn av aldersstrukturen må minst 1/3 av staben fornyast dei komande 10 åra. Spesielt er det ei utfordring å rekruttere nye medarbeidarar med høge kvalifikasjonar. Dei fleste av våre professorar og dosentar har vi kvalifisert sjølve. Manglande toppkompetanse kan bli ein flaskehals for fagleg utvikling. Gjennom stipendiatprogram, forskingsprogram, førstelektorutdanningar, kvalifiseringsmidlar og forskings- og utviklingsprosjekt vil vi vidareutdanne og kvalifisere eigne medarbeidarar. Nytt kvalifiseringstiltak i 2014 er oppretting av professorstipend. I tillegg vil vi satse på å rekruttere nye medarbeidarar.

Forsking og utviklingsarbeid

Høgskulen i Volda har framleis stor forskings- og publiseringsverksemd, men fleire medarbeidarar bør bli aktive i fou-produksjon. Dette krev:

- tydelegare profilering av forskingsverksemda og konsentrasjon av FoU-ressursar på utvalte område i periodar
- betre forskingsleiing på operativt nivå – arbeide fram gode prosjektsøknader, drive kollegarettleiing og interne forskingsseminar

- betre gjennomstrøyming av doktorgradskandidatar
- rekruttering av nye fagtilsette på toppnivå
- kontinuerleg kompetanseheving på alle nivå
- at vi utnyttar eigarskapen til og samarbeidet med Møreforsking til å utvikle felles forskingssatsingar

Samarbeid

Den største samarbeidsutfordringa i tida framover er å utvikle eit godt samarbeid gjennom UH-nett Vest om dei nye grunnskulelærerutdanningane. Med dei relativt svake søkjartala på GLU, bør vi truleg samarbeide om dei fleste faga for å drive på ein økonomisk forsvarleg måte. Det er allereie gjennomført samarbeid om distanse-overgripande undervisning i to fag. Vi ser det også som viktig å få til forskarskular i nettverk.

Det er også ei utfordring å få til ei betre samordning av utdanningstilbod på masternivå slik at ikkje høgskulane på Vestlandet dublerer tilbod der det er eit avgrensa søkjargrunnlag. Vi vil analysere kva område dette gjeld.

Når det gjeld arbeidsdeling og konsentrasjon, skal vi vurdere om det kan hentast ut gevinstar. Men for mange middels store høgskular i distrikta, kan konsentrasjon også vere eit trugsmål. Dersom t.d. HVO og Høgskulen i Sogn og Fjordane skulle ha ei arbeidsdeling der lærarutdanningane vart konsentrerte til ein stad og sosioarbeidsutdanningane til ein annan, ville det føre til ei sterk svekking av begge studiestadane. I tillegg ville det truleg føre til svekka rekruttering i dei respektive regionane (sjå punktet nedanfor).

Geografisk plassering

Vi har ei utfordring i å få dei sentrale styresmaktene til å innsjå at høgskular i distrikta også har ein særskild viktig funksjon i å sikre arbeidskraft og kompetanseutvikling i regionane. Nyare studiar støttar opp om dette: eit mangfaldig høgskuletilbod er nødvendig for å levere kvalifisert arbeidskraft til fylke og regionar. Eit stort fleirtal av dei som har vakse opp i ein region og tek utdanninga der, tek seg også arbeid i regionen.

Vi vil framheve og arbeide vidare med dei sterke sidene våre som nettopp kjem av den plasseringa vi har:

- Studiemiljøet ved Høgskulen i Volda har eit godt rykte. Den intime atmosfæren, dei korte avstandane og den tette koplinga mellom høgskulen og bygda Volda, gjer at mange finn seg godt til rette – til dømes er 80 % av journaliststudentane frå andre delar av landet. I samband med StudiebygdA-prosjektet er vidareutvikling av studiemiljøet eit av tiltaka.
- Vi har bygd ut eit stort spekter av nett-tilbod og andre fleksible utdanningstilbod i samarbeid med regionen og det regionale næringslivet.

Med betra vegsamband har vi fått utvida det regionale nærområdet til over 70 000 innbyggjarar innanfor ein time reisetid, ei befolkning av same storleik som i nærområdet til Bodø.

Arealbehov

Høgskulen i Volda fekk nytt kontorbygg i 2010. Det ga oss ein netto auke i talet på kontorplassar på 32 då vi sa opp leigeavtalen i eit eldre svært dårleg bygg og gjennomførte nokre ombyggingar. Likevel opplever vi stort press på infrastrukturen. For tida har vi ein slakk på 10-12 kontor. Det er for lite med det aktivitetsnivået vi har i dag. Vi treng difor 20-30 nye kontorplassar. Med den auken i aktiviteten som har vore dei seinare åra, har vi og mangel på undervisningsrom med plass til 50-60 studentar. Vi treng 5-6 nye rom i den storleiken. I tillegg har vi behov for nokre grupperom. I alt har HVO behov for om lag 1500 m² meir areal med den aktiviteten vi har no. Det er også behov for å vurdere infrastrukturen for medieutdanningane. Dei utdanningane er eit flaggskip for Høgskulen i Volda, og det er viktig å ha god og moderne infrastruktur for at vi framleis skal vere attraktive.

Vi har avtala med Statsbygg å etablere *Prosjekt Campusutvikling* der Statsbygg stiller med prosjektleiar. Aktuelle samarbeidspartar vil bli inviterte inn i prosjektet. Vi er også i gang med å gjennomføre ein arealanalyse. Det hastar med å finne løysing på arealbehova. I følge *Tilstandsrapporten 2013* er HVO blant høgskulane med færrest m² pr. student. Då reknar vi med eit idrettsbygg på 4270m² som vi ikkje får utnytte på ein god måte slik idrettsstudiet har utvikla seg.

2. Resultatrapportering for 2013

Sektormål 1 – utdanning

Høgskulane skal gi utdanning av høg internasjonal kvalitet i samsvar med samfunnet sine behov

Verksemdmål 1.1: Høgskulen i Volda skal vere høgskulen for human- og samfunnsvitskapane i regionen og skal vere leiande i yrkesretta medieutdanning. Institusjonen skal gi fag- og profesjonsutdanningar på bachelor- og masternivå for samfunnsutvikling, skule og barnehage, velferd, media og kultur.

Styringsparametrar:

- Tal utdanna masterkandidatar
 - Tal utdanna PPU-kandidatar
 - Studiepoengproduksjon per heiltidsstudent
- Kvalitativ:
- Våre kandidatar skal vere attraktive for arbeidslivet

Tiltak:

- Halde fram med revidering av studieplanane med sikte på klarare målretting, profilering og organisering. Studieplanarbeidet skal gjennomførast i samarbeid med praksisfeltet
- Starte ny master i undervisning og læring hausten 2013.
- Delta aktivt i utviklinga av ny sosial- og velferdsutdanning
- Starte opp ny faglærerutdanning i formgiving, kunst og handverk hausten 2013
- Starte opp ny barnehagelærerutdanning hausten 2013
- Starte ny allmenn- og yrkesfagleg Praktisk Pedagogisk-utdanning hausten 2013

Kommentarar:

Alle tiltaka blir følgt opp. Arbeidet med utvikling av nye studie- og emneplanar, samt revisjon av eksisterande studium, vert i stadig større grad gjennomført til fastsett frist. Kvalifikasjonsrammeverket er implementert, og læringsutbyttebeskrivingar i tråd med det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket vert i all hovudsak nytta. Praksisfeltet har heile tida vore med i diskusjonen rundt utvikling av nye studie- og emneplanar.

Lærarmasteren er starta opp med tre ulike fordjupingar: spesialpedagogikk, norsk og matematikk. Til no har fordjupinga i spesialpedagogikk rekruttert best.

Faglærerutdanninga i formgiving, kunst og handverk er starta opp som planlagt hausten 2013 med 20 studentar. HVO har utvikla to nye faglærerutdanningar i praktiske og estetiske fag for å kunne gje tilbod om lærarutdanning i formgiving, kunst og handverk og i musikk. Høgskulen har eit solid fagmiljø innafor dei praktiske og estetiske faga, og det er låg utdanningsgrad blant lærarane i grunnskulen innafor dette fagfeltet.

Den nye barnehagelærerutdanninga er starta opp. I tillegg til ordinært campusstudium, har vi starta opp eit nytt kull med arbeidsplassbasert barnehagelærerutdanning november 2013. Ny PPU er utsett

fordi forskrifta ikkje er klar, men plan for PPU-Y er ferdig. Vi ventar på nærare avklaring av PPU-A. Dekan på ASH er prosjektleiar for utviklinga av ny sosial- og velferdsutdanning.

Verksemdmål 1.2: Høgskulen i Volda skal samarbeide med andre utdanningsinstitusjonar med sikte på arbeidsdeling og konsentrasjon for å tryggje høgskulen si framtid og regionen sitt framtidige kompetansebehov

Styringsparametrar:

- Tal samarbeidstiltak med andre institusjonar
- Kvalitativt parameter om kva vi har fått ut av samarbeidet

Tiltak:

- Vidareutvikle grunnskulelærerutdanningane innan UH-nett Vest i tråd med retningslinene frå KD
- Samarbeide med dei andre høgskulane i UH-nett Vest om utvikling av den nye Barnehandelærarutdanninga
- Delta i Prosjekt Mørealliansen med fokus på fagleg utvikling og samarbeid innan FoU og utdanning. Prioriterte område i 2013 er utvikling av ny yrkesfaglærerutdanning, ein PhD innan helse og sosialfag og erfaringsbasert master i folkehelse
- Tilby masterutdanning i helse og sosialfag i samarbeid med helse- og sosialfaga i UH-nett Vest
- Samarbeide med sosialfagmiljøa i UH-nett Vest om arbeidsdeling og utnytting av fagleg kompetanse
- Halde fram samarbeidet med Høgskulen i Sogn og Fjordane om rettleiing for pedagogisk personale
- Vere aktiv i samarbeidet innan UH-nett Vest i utvikling av nye etterutdanningstilbod knytt til faget *Pedagogikk og elevkunnskap*
- Følgje opp inngått intensjonsavtale med NLA høgskulen i Bergen om samarbeid rundt master i GLU knytt til religionsfaget
- Arbeide for felles master i arealplanlegging gjennom UH-nett Vest

Kommentarar:

Dei aller fleste tiltaka blir følgt godt opp. Det er sendt søknad til NOKUT om felles master i arealplanlegging med Høgskolen i Bergen. Det blir rapportert om godt samarbeid både innan GLU og BLU i UH-nett Vest. Felles master i religionsfaget er godkjent av NOKUT. Også innan sosialfaga er det godt samarbeid, m.a. er det utvikla nytt tilbod på masternivå i barnevern saman med HSF.

Avtaleperioden for UH-nett Vest vart forlenga til 31.07.18. Samarbeidsavtalen for 2013-2018 har vedtatt 6 samarbeidsområde; forskningssamarbeid, utdanningssamarbeid, biblioteksamarbeid, administrativt samarbeid, utvikling av digital kompetanse og samarbeid med studentane. For komande avtaleperiode skal ein leggje vekt på å utvikle gode samarbeidsmodellar, ei tydeleg arbeidsdeling mellom institusjonane og konsentrasjon av arbeidsinnsats. Samarbeidet er forankra i fagmiljøa ved dei ulike institusjonane.

Lærerutdanninga saman med utviklinga av forskingsnettverka og biblioteksamarbeidet har hatt høg prioritet i 2013.

UH-nett Vest fekk 980 000 i SAK-midlar for 2013 til fortsatt utvikling av den nye barnehagelærerutdanninga (BLU). Midlane skal brukast til tiltak som bidrar til meir samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon i BLU. Prosjektplanen blei gjennomført i 2013. E-læring er under utvikling.

UH-nett Vest fekk også 2 mill. i SAK-midlar til vidare utvikling av lærarutdanninga, TeknoVest, biblioteksamarbeidet, forskningssamarbeidet med spesiell vekt på helse- og sosialfag i tilknytning til samhandlingsreforma og opprettinga av et forskarnettverk for nynorskforsking. Midlane er fordelte i samsvar med tildelinga.

I Mørealliansen har vi prioritert arbeidet med ny yrkesfaglærerutdanning (sjå styresak om satsingsforslag 2015) og PhD-søknaden i helse- og sosialfag. Søknaden om PhD er kome gjennom første nålauget, og det er sett ned kommisjon som skal på besøk til HVO og HiM i mars 2014. Vi har hatt besøk av den nasjonale gruppa som arbeider med etablering av nye yrkesfaglærerutdanningar. Gruppa skal levere si innstilling i mars 2014. Førebelse signal tyder på at dei stiller seg positiv til satsing på yrkesfaglærerutdanning i Møre og Romsdal. Planarbeidet med den erfaringsbaserte masteren i folkehelsearbeid er på det næraste fullført, men mannskapssituasjonen i Molde er slik at vidare progresjon i dette arbeidet er usikker. Rapporteringa viser at HVO har eit godt utvikla samarbeid både innan UH-nett Vest og i Møre og Romsdal. I 2013 har vi mange konkrete samarbeidsprosjekt å vise til.

Verksemdmål 1.3: Høgskulen i Volda skal vere ein attraktiv høgskule både regionalt og nasjonalt

Styringsparametrar:

- Tal nye studentar på dei fleirårige studia
- Søkning til Høgskulen i Volda gjennom Samordna Opptak
- Tal nye studentar på GLU
- Tal nye studentar på sosialfag

Tiltak:

- Vidareutvikle rekrutteringsplanen med prioriteringar av lærarutdanningane og sosialarbeidarutdanningane
- Arbeide for betre vevsider
- Vere ein aktiv deltakar i profileringsprosjektet StudiebygdA
- Profilere våre fagtilsette
- Bygge omdøme

Kommentarar:

Alle tiltaka er følgt opp. Kampanjane for GLU og sosialarbeidarutdanningane som fekk satsingsmidlar er gjennomførte. Det er også køyrd eigne kampanjar for BLU og den nye faglærerutdanninga i kunst og handverk. Men resultata er noko blanda. Utteljinga var best for sosialarbeidarutdanningane. HVO-veven har fått nytt design, nytt og betre filbibliotek og nye engelske sider. Informasjonskontoret er aktivt med i StudiebygdA.

Verksamdmål 1.4: Høgskulen i Volda skal tilby eit godt læringsmiljø med undervisnings- og vurderingsformer som sikrar fagleg innhald, læringsutbytte og god gjennomstrøyming.

Styringsparametrar:

- Gjennomføring på normert tid
- Kvalitative:
- Studentane skal lukkast med å oppnå læringsutbyttet som er definert for studieprogramma
- Våre kandidatar skal vere attraktive for arbeidslivet

Tiltak:

- Stimulere til god dialog mellom tilsette og studentar om innhald og kvalitet i studietilboda
- Sikre at Studenttinget får timeplanfesta tid til informasjonsarbeid om studentdemokratiet
- Syte for god kontakt med samfunn/profesjon/næringsliv og sikre at profesjonsutdanningane fagleg sett er oppdaterte og at innhald og arbeidsmåtar er relevante for seinare profesjonsutøving
- Følgje opp og rettleie studentar som manglar studiepoeng for å oppnå ein grad
- Arrangere seminar saman med Studenttinget om studieteknikk, akademisk skriving og om bruk av dataprogram i oppgåveskrivinga
- Vidareutvikle tilbodet i høgskulepedagogikk
- Gjennomføre brukarundersøkingar om studentvelferd, studiestart i 2013, programevalueringar og fråfalls- og kandidatundersøkingar
- Samarbeide med Statsbygg om universell utforming og tilby studentane arbeidsplassar tilpassa ulike behov
- Organisere eit prosjekt med sikte på utprøving av eksamen på PC

Kommentarar:

Alle tiltaka blir følgt godt opp. Når det gjeld utprøving av eksamen på PC, er det oppretta ei nasjonal prosjektgruppe for å greie ut saka på vegne av alle UH-institusjonane. Vi ventar på resultata frå denne gruppa. I mellomtida vil vi halde fram med å arbeide med små pilotar, og skaffe oss oversyn over HVO sine behov for digitale eksamenar.

I tillegg til dei formelle utdanningsplanane gir HVO tilbod om utdanningssamtalar med alle gradsstudentar. Her sikrar ein dialog mellom studentar og tilsette der ein kan fange opp manglande progresjon eller andre utfordringar som studentar har knytt til studiet. Evalueringa av kvalitetssystemet viste at det mangla nokre arenaer for drøfting av studiekvalitetsspørsmål. Vi har difor oppretta fagutval på studieprogramnivå og utval (eller avdelingsråd) på avdelingsnivå som skal drøfte studiekvalitet. Vi har også oppretta eit forum der alle masterprogramansvarlege og studiedirektøren samlast for å drøfte m.a. tiltak for å betre gjennomstrøyminga på masternivå.

Data frå KD-portalen 2013 om nasjonale styringsparameter viser at HVO er den beste høgskulen når det gjeld gjennomstrøyming på bachelor. Tala viser at 63.7% fullførte på normert tid. Det er ein auke på knapt 4% frå året før.

Det er no utvikla 3 av 4 emne i høgskulepedagogikk, nokre i samarbeid med HSF. To av emna vart arrangerte i 2013 med god deltaking.

Det er gjennomført ei studiestartundersøking blant alle nye studentar ved HVO hausten 2013. Vi har også hatt ei kandidatundersøking for alle mediestudentar som vart uteksaminerte i perioden 2007-2012. Hovudfunna i undersøkinga er at nesten alle får arbeid, og det er godt samsvar mellom fagområdet dei er utdanna til og det arbeidet dei endar opp i.

Vi samarbeider godt med Statsbygg om universell utforming. Statsbygg har siste året utbetra Berte Kanutte-huset med omsyn på universell utforming for om lag 3 mill kroner.

Verksemdmål 1.5: Høgskulen i Volda skal ha eit målretta internasjonalt samarbeid som aukar kvaliteten i utdanningane

Styringsparametrar:

- Tal på utvekslingsstudentar – inn- og utreisande
- Tal på framandspråklege studietilbod

Tiltak:

- Arbeide for å auke talet på inn- og utreisande utvekslingsstudentar og auke praksismobiliteten gjennom Erasmus-programmet
- Utvikle fleire engelskspråklege emne
- Vise til internasjonal forskning og litteratur og gjere studentane medvitne om at dei etter studiet skal arbeide i eit fleirkulturelt samfunn
- Legge til rette for og kvalitetssikre studieopphald ved utanlandske lærestader
- Utvikle tettare samarbeid med utvalde utanlandske lærestadar med sikte på systematisk samarbeid om profesjonsutdanningar på BA- og MA-nivå
- Auke fokus på informasjon på engelsk, både av studietilbod, FoU og annan aktivitet
- Vidareutvikle dei engelske nettsidene og få på plass ein god presentasjon av partnerinstitusjonane våre

Kommentarar:

Det blir arbeidd godt med alle tiltaka, men vi hadde ein nedgang i talet på utvekslingsstudentar i 2013. Internasjonalt kontor jobbar aktivt for å få nye aktuelle avtalepartnerar i utlandet, samt å gjere tilbodet om utveksling kjent blant studentane på HVO. Vi har spesielt satsa på å auke praksismobilitet på aktuelle bachelorprogram. Vi har også sendt delegasjonar av HVO-tilsette for å kvalitetssikre studietilbodet ved våre mest brukte internasjonale partneruniversitet. Internasjonalt kontor held no på med ein fullstendig gjennomgang av HVO si avtaleportefølje og vil i framtida legge meir vekt på uttalte strategiar og satsingsområde ved inngåing av utvekslingsavtalar. Våren 2014 vil det verte 4-5 nye engelskspråklege emne for internasjonale studentar.

Merknader til tabell: Vi nådde ikkje ambisjonsnivået når det gjeld tal søkjarar i Samordna Opptak (SO). Den viktigaste årsaka er at vi hadde færre tilbod i SO i 2013. Dette burde vi tatt omsyn til då vi sette ambisjonsnivået. Primærsøkjarar per studieplass auka frå 1.3 til 1.4. Opptaket til GLU vart 84, medan opptaket til sosialfag vart 127. Vi har ikkje nådd målet for tal på framandspråklege studietilbod. Tala på uteksaminerte PPU-kandidatar og masterkandidatar er dei høgaste nokon gong. Talet på studentar per undervisningsstilling er framleis høgt og syner at presset på dei fagtilsette er stort. Gjennomføring i høve til avtalt utdanningsplan og studiepoeng per eigenfinansiert

heiltidsstudent ligg under ambisjonsnivået og gjeikk ned samanlikna med 2012. Årsaka er manglande gjennomstrøyming på mastergradutdanningane og vidareutdanningane. Som nemnt ovanfor er det oppretta eit forum der alle masterprogramansvarlege og studiedirektøren samlast for å drøfte m.a. tiltak for å betre gjennomstrøyminga på masternivå. Nedgangen i talet på utvekslingsstudentar skuldast at færre studentar reiser ut – både på Erasmus og på bilaterale avtalar.

Tabell til sektormål 1	Resultat				Ambisjonsnivå	Resultat
	2009	2010	2011	2012	2013	2013
Talet på primærsøkjarar i samordna opptak	1312	1187	1349	1496	1570	1196
Talet på primærsøkjarar per studieplass	1,3	1,3	1,3	1,3	1,5	1,4
Opptak til GLU		80	84	84	100	84
Opptak til Sosialfag	107	124	151	121	120	127
Talet på studietilbod i samarbeid med andre norske institusjonar (fellesgrader)	0	0	2	2	2	2
Talet på studietilbod i samarbeid med andre institusjonar	5	5	3		5	5
Talet på utvekslingsstudentar (ut/innreisande)	179	168	182	244	250	216
Talet på framandspråklege studietilbod (15 stp)	13	7	7	21	25	20
Uteksaminerte masterkandidatar	29	30	53	55	60	74
Uteksaminerte PPU-kandidatar	69	44	69	62	80	84
Nye studiepoeng per eigenfinansiert heiltidsstudent per år	50,0	47,0	48,8	52,4	53,0	51,1
Studentar per undervisnings- forskings- og formidlingsstilling	16,2	16,8	18,2	21,2	16,0	20,3
Gjennomføring i høve avtalt utdanningsplan i prosent	85,4	86,2	83,0	86,4	87,0	85,7

**Tal for 2013 ligg ikkje føre enno*

Sektormål 2 - forskning

Høgskulane skal tråd med sin eigenart, utføre forskning, kunstnarisk og fagleg utviklingsarbeid av høg internasjonal kvalitet.

Styringsparameter KD (kvalitative)

- Resultatoppnåing på forskning i forhold til eigenarten
- Samspel mellom forskning og utdanning

Verksemdmål 2.1: Høgskulen i Volda skal oppnå betre resultat innan FoU ved god tilrettelegging

Styringsparametrar:

- Tal nasjonale publiseringspoeng
- Tal nasjonale publiseringspoeng pr fagtilsett
- Tal fagtilsette som publiserer

Tiltak:

- Legge til rette for bolkelegging av FoU-ressursar
- Syte for at alle i fagstilling får tilbod om å kople seg til forskargrupper/program
- Kollegarettleiing skal nyttast for å hjelpe nytilsette med å kome i gang
- Evaluere løyvinga til dei interne forskingsprogramma med tanke på mogeleg forlenging
- Stimulere tilsette til å ta del i nasjonale og internasjonale forskarnettverk gjennom til dømes NFR- og EU-programma
- Styrke kompetansen i søknadsskriving gjennom kurs i skriving av forskingsprosjekt

Kommentarar:

Det blir arbeidd med alle tiltaka. Nokre er det meir krevjande å lande enn andre. Bolkelegging av FoU-ressursar er ikkje alltid like enkelt å få til – særleg i små fagmiljø. I nokre fagmiljø har ein likevel makta å møtekomme dei som har kome med slike ønskje. Når det gjeld spørsmålet om at alle i fagstilling får tilbod om å kople seg til forskargrupper/program, så blir det gjennomført i varierende grad på dei ulike avdelingane. Men tendensen er at vi er på veg. Det same gjeld kollegarettleiing. Forskingsgrupper kan vere eigna fora for å få til kollegarettleiing. Evalueringa av forskingsprogramma er skjøve ut til 2014. Når det gjeld kompetanse i søknadsskriving, så blir det arbeidd med saka, men vi har ikkje gjennomført kurs enno. FoU-rådgjevar gir rettleiing i søknadsskriving. Det vart gjeve såkornmidlar til tre forskingsgrupper i 2013 som vart utpeika til å søkje SHP-midlar.

Verksemdmål 2.2: Høgskulen i Volda skal samarbeide aktivt i nettverksorganiserte kvalifikasjonsprogram og forskarskular.

Styringsparametrar:

- Tal fellestiltak som HVO deltek i

Tiltak:

- Samarbeide aktivt med andre institusjonar i inn- og utland om forskarutdanning
- Samarbeide med andre høgskular om oppretting av PhD-grad i Møre og Romsdal

- **Utvikle Forskingsforum Møre som arena og nettverk for auka samarbeid mellom FOU-miljøa i Møre og Romsdal**
- **Samarbeide om søknad og gjennomføring av VRI Møre og Romsdal 2014-2016. Arbeide for å auke ramma for VRI offentlig sektor**

Kommentarar:

Det blir arbeidd godt med alle tiltaka. HVO deltek i fleire nasjonale forskarskular: NAFOL (lærarutdanning), NATED (utdanning), RVS (Religion, values and society), Grieg Research School in Interdisciplinary Music Studies. Det er innleia eit institusjonelt samarbeid med universitetet i Cardiff i samband med PhD-søknaden og ein av SHP-søknadane. Samarbeidet i VRI er krevjande. HVO har ambisjonar om å vere ein aktiv medspelar på desse områda. Satsingsområda treff i mindre grad HVO sin faglege portefølje, og vi har ikkje ressursar til å byggje opp fagkompetanse på område som ikkje er grunngevrne i behova til eksisterande utdanningar. Om offentlig innovasjon blir eit nytt satsingsområde, kan HVO vere i ein betre posisjon.

Verksemdmål 2.3: Høgskulen i Volda skal gjennom tildelte stipendiatstillingar syte for god gjennomføring av forskarutdanninga.

Styringsparametrar:

- Del uteksaminerte kandidatar teke opp på doktorgradsprogram seks år tidlegare
- Tal doktorgradsdisputasar

Tiltak:

- **Evaluerer ordninga med å knyte stipendiatar til program**
- **Leggje til rette for gode forskingsmiljø med felles seminar og rettleiing for stipendiatane**
- **Følgje opp eige reglement for stipendiatar**
- **Syte for at alle stipendiatar vert følgde opp med medarbeidersamtale minst ein gong i året**
- **Sikre kvaliteten på kandidaten gjennom intervju ved tilsetting, der vi formidlar krav og forventningar, og sjekkar motivasjon og drivkraft**
- **Leggje til rette for at stipendiatar kan ha kortare eller lengre utanlandsopphald**
- **Krevje at Forskingsutvalet ein gong i året handsamar statusrapport over framdrift og oppfølging for stipendiatar og andre i doktorgradsløp**

Kommentarar:

Alle tiltaka blir følgt godt opp. Stipendiatane som deltok i didaktikk-programmet er i 2013-2014 ferdige med sine stipendiatperiodar. I løpet av 2014 kan didaktikk-programmet evaluerast. Avhandlingsforum for stipendiatane har vore evaluert i 2013 av Forskingsutvalet. Konklusjonen er at forumet held fram. Det er tiltenkt ei viktigare rolle innanfor PhD-studiet i helse- og sosial. HVO legg til rette for at stipendiatar kan ha utanlandsopphald.

Verksemdmål 2.4: Høgskulen i Volda skal gi studentar innsikt i og erfaring med FoU-arbeid

Styringsparametrar:

- Kvalitativt:
- Samspel mellom forskning og utdanning

Tiltak:

- Sikre studentrepresentasjon i Fou-utvalet
- Stimulere til forskning i studentoppgåver
- Involvere studentar i forskingsprosjekt

Kommentarar:

Tiltaka vert følgde opp. Studentane er no representerte i FU. Studentdeltakinga i FOU-verksemda skjer først og fremst på masternivå. Her blir dei inviterte til å kople seg på forskingsprosjekt som er i gang eller bruke eksisterande datamateriale. Studentane blir også stimulerte til forskning gjennom bacheloroppgåvene. Om lag 40 studentprosjekt er registrerte årleg hos NSD som er HVO sitt personvernombod for forskning. Det kan vere ein indikator på studentinvolvering i forskingsverksemda.

Merknader til tabell: Dei aller fleste tala ligg ikkje føre enno, og det er vanskeleg å gi nokon prognose. Vi fekk rekordmange disputasar i 2013. Når det gjeld talet på doktorgradsstipendiatar som har disputert 6 år etter opptak, er tala så små at det ikkje gir meining å rekne prosent. I KD-portalen om nasjonale styringsparameter er det heller ikkje registrert data på HVO på dette styringsparameteret. Vi vil arbeide meir med måten å rapportere på for dette styringsparameteret. Vi merkar oss at HVO er involvert i mange samarbeidstiltak; det gjeld både forskarskular og konkrete FoU-prosjekt.

Tabell til sektormål 2	Resultat				Ambisjonsnivå	Resultat
	2009	2010	2011	2012	2013	2013
Publikasjonspoeng pr undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling	0,43	0,39	0,54	0,48	0,50	*
NFR-tildeling pr undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling (1 000 kr)	38	33	22	22	30	
EU-tildeling pr undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling (1 000 kr)	0	0	0	0	0	2
Talet på fagtilsette som publiserer på nivå 1 og 2	39	49	50	64	60	*
Tal på fagtilsette som bidrar med interne FoU-poeng					80	*
Talet på fellesstiltak som HVO deltek i					4	9
Talet på uteksaminerte doktorgradskandidatar teke opp seks år tidlegare					80%	-
Tal doktorgradsdisputasar			1	4	6	7

**Tal for 2013 ligg ikkje føre enno*

Sektormål 3 - formidling

Høgskulane skal vere tydelege samfunnsaktørar og bidra til formidling, internasjonal, nasjonal og regional utvikling, innovasjon og verdiskaping

Styringsparametrar KD

- Inntekter frå bidrag og oppdragsfinansiert verksemd (BOA)
Kvalitativt styringsparameter:
- Samarbeid med samfunns- og arbeidsliv, under dette desentralisert undervisning og fjernundervisning (alternativt: a)Samarbeid med samfunns- og arbeidsliv i tråd med sin eigenart
b)Fleksibel utdanning)

Verksemdmål 3.1: Høgskulen i Volda skal vere ein attraktivt samarbeidspartnar i regional utvikling, innovasjon og verdiskaping

Styringsparametrar:

- Inntekter frå bidrag og oppdragsfinansiert verksemd (BOA)
Kvalitativt styringsparameter:
- Korleis vi samarbeider med samfunns- og arbeidslivet

Tiltak:

- Samarbeide tett med regionale og nasjonale aktørar om kompetanseheving og utviklingsarbeid
- Arbeide vidare med å sikre auka finansiering over statsbudsjettet av *Seanse – senter for kulturproduksjon*
- Arrangere nyskappingsseminar saman med Sunnmøre Kulturnæringshage og følgje opp nye forretningsidéar baserte på forskning og nyskapande studentarbeid
- Arbeide for å vidareutvikle aktiviteten knytt til Vestnorsk filmsenter og opprette eit opplevingssenter for animasjon i samarbeid med lokalt næringsliv og Sunnmøre Kulturnæringshage
- Vidareutvikle tilbodet i industrianimasjon i samarbeid med industrien i regionen
- Arrangere Ut i jobb-dag i samarbeid med kommunane i regionen
- Bidra til å etablere ein sterkare kultur for kommersialisering av forskning og kunnskap generelt, samt å kartlegge og prøve ut HVO sitt potensiale for kommersialisering av FOU-resultat
- Knyte FOU-ressursen tettare til eksternt arbeid
- Tilby kurs i prosjektstyring for fagleg tilsette

Kommentarar:

Dei fleste tiltaka blir følgt godt opp. Når det gjeld arbeidet med kommersialisering er det same aktivitet som føregåande år. Vi har ikkje hatt kurs i prosjektstyring. Men vi har arbeidd med å styrke kompetansen på området gjennom eit utval som arbeider med BOA. Økonomikontoret har også arbeidd med administrative rammer for BOA-prosjekt og har i 2013 gjort eit stort arbeid for å dokumentere interne kostnader knytt til forskingsprosjekt. Seanse har fått fast og dubla løyving over statsbudsjettet. HVO samarbeider godt med Fylkesmannen om kompetanseheving og utviklingsarbeid. I 2013 vil vi trekke fram Ungdomstrinnsatsinga som er eit kompetanseløft som blir tilbode alle skular med ungdomstrinn. Opplevingssenter for animasjon er etablert, og vi har arrangert

100 års jubileum for norsk animasjon. Ut-i-jobb-dagen er gjennomført med god oppslutning fra kommunane, men endå større oppslutning fra studentane er avgjerande for å halde oppe interessa.

Verksemdmål 3.2: Høgskulen i Volda skal tilføre samfunnet resultata frå FoU-verksemda gjennom formidling og deltaking i offentleg debatt

Styringsparametrar:

- Tal konferansar/seminar
- Tal interne FoU-poeng

Tiltak:

- Vidareutvikle Forskingsdagane for å synleggjere FoU-verksemda vår
- Stimulere fagtilsette gjennom internt poengsystem for FoU til å drive foredragsverksemd, fagleg og populærvitskapleg formidling og kritisk debatt m.m. om aktuelle samfunnsspørsmål innanfor fagområda våre
- Vidareutvikle nettsidene til framstilling av sentrale forskingsprosjekt, faglege ressursar og publikasjonar
- Arrangere fagkonferansar og seminar med utspring i forskingsverksemda innanfor dei sentrale fagområda våre i samarbeid med regionale, nasjonale og internasjonale aktørar

Kommentarar:

Alle tiltaka blir følgt godt opp. Forskingsdagane er gjennomførte med god deltaking og mykje presseomtale. Nettsidene våre er blitt mykje betre på å formidle FoU-verksemda vår. Som det går fram av tabell til sektormål 3 har det vore arrangert mange konferansar og seminar med ekstern deltaking i 2013 (19). Det vitnar om god kontakt med relevante eksterne aktørar.

Verksemdmål 3.3: Høgskulen i Volda skal utvikle fleksible utdanningstilbod i samarbeid med regionale og nasjonale aktørar

Styringsparametrar:

- Eksternt finansierte studiepoeng
- Tal EVU-tilbod

Tiltak:

- Arbeide for å få tildelt studieplassar til prioriterte vidareutdanningar for lærarar, i samband med vidareføring av Kompetanse for kvalitet
- Samarbeide med regionale organisasjonar og etatar (kommunar, fylke, fylkesmann, NAV) om å arrangere kurs- og undervisningsopplegg knytt til velferds- og sosialtenester, leiing, omsorg, utdanning
- Arrangere strategiseminar om livslang læring
- Tilby intern skulering i søknadsskriving
- Gjere førelesingar og anna læringsstoff tilgjengeleg for studentar via internett, og vidareutvikle produksjons- og distribusjonsformer for dette
- Styrke den pedagogiske kompetansen og betre infrastrukturen for å leggje til rette for fleire former for fjernundervisning

- Arbeide mot meir langsiktige avtalar om eksterne oppdrag
- Oppmode avdelingane til å setje av ressurs til eksternt arbeid som ein naturleg del av HVO sine hovudoppgåver på lik line med forskning og formidling
- Inngå avtalar om risikodeling mellom fellesnivået og avdelingane for å stimulere til meir ekstern verksemd

Kommentarar:

Dei fleste tiltaka blir følgt godt opp. Men ordninga *Kompetanse for kvalitet* har ikkje oppslutning i kommunane i vår region, og vi har ikkje lukkast i å rekruttere studentar inn i vårt tildelte studieprogram(Leseopplæring for mellomsteget 15 stp). Nokre kommunar har lærarar som tek vidareutdanning ved HVO i ordninga, men då i andre skulerelevante fag. Vi har satsa mykje på å leggje til rette for fleire former for fjernundervisning og bruk av digitale verkty i undervisninga. Ei stilling på KEV er omdisponert til e-læringsrådgivar. Vi har arrangert fagdag om bruk av digitale verkty i undervisninga. Fleire tilsette har delteke på nasjonale konferansar om dette temaet , og vi har starta opp emnet *Digital kompetanse i læring* (som er del av tilbodet i høgskulepedagogikk) i samarbeid med HSF. Det er også satsa på betre infrastruktur når det gjeld e-læring. Vi kjem på nett med stadig nye tilbod. Den nye arbeidsplassbaserte barnehagelærarutdanninga nyttar e-læringsformer i stort omfang.

Merknader til tabell: Vi ligg noko under ambisjonsnivået på BOA, men har likevel ein god auke samanlikna med 2012. Ambisjonsnivået på konferansar/seminar og EVU-tilbod blir overoppfyllt. Når det gjeld tal studentar på fjernundervisning er vi blant dei beste i landet. Tal eksternt finansierte studentar er noko under ambisjonsnivået. Det skuldast nedgang spesielt på AMF og i nokon grad på ASH.

Tabell til sektormål 3	Resultat				Ambisjonsnivå	Resultat
	2009	2010	2011	2012	2013	2013
Omfang av bidrags- og oppdragsfinansierte aktivitet (BOA) (utanom NFR og EU)	12 096	11 072	9 210	7 231	10 000	9 551
Mottekne forretningsidear		12	1	2	4	3
Mottekne forretningsidear som har resultert i oppretting av selskap		5	1	3	2	3
Tal interne FoU-poeng *	6 787	6 284	4 989	6 393	6 000	*
Tal konferansar/seminar					10	19
Tal eksternt finansierte studentar	251	250	184	262	280	245
Tal studentar fjernundervisning					1000	1082

**Tal for 2013 ligg ikkje føre enno*

Sektormål 4 - organisering

Høgskulane skal ha effektiv forvaltning av verksemda, kompetansen og ressursane i samsvar med samfunnsrolla si

Styringsparameter KD

- Del kvinner i dosent og professorstillinger
- Del mellombels tilsette
- Kvalitativt styringsparameter:
- Langsiktig økonomisk planlegging
- Robuste fagmiljø

Verksemdmål 4.1: Høgskulen i Volda skal ha organisering, system og ordningar som har til formål å sikre ei god og effektiv forvaltning av ressursane.

Styringsparametrar:

- Driftskostnader pr avlagde 60-studiepoengeining
- Driftskostnader pr publikasjonspoeng
- Tilhøvet mellom tilsette i undervisnings-, forskings- og formidlingsstillinger og talet på administrative stillingar

Tiltak:

- Arbeide kontinuerleg for å sikre god planlegging og oppfølging gjennom tenleg budsjettfordelingsmodell og budsjetteringsverktøy
- Vere med i SAK Innkjøp saman med NTNU
- Samarbeide med høgskulane på Nordvestlandet (Molde, Ålesund, Sogn og Fjordane) om studieadministrative tenester, IKT og innkjøp
- Oppdatere og vidareutvikle elektronisk økonomihandbok på *Innsida*
- Syte for vidare opplæring i regelverket knytt til BOA-aktivitet og ny kontoplan
- Gjennomføre leiaropplæring med fokus på økonomistyring
- Lage oversikt over særskilt sårbare arbeidsområde og planar for å sikre overlapping
- Samarbeide med biblioteka i UH-nett Vest om kompetansehevingstiltak og effektiv ressursutnytting gjennom felles løysingar
- Samarbeide med Volda kommune for å finne løysningar for å auke arealet
- Arbeide for å få auka strategisk løyving

Kommentarar:

Dei fleste tiltaka blir følgt godt opp. Ei evalueringsgruppe har gått gjennom HVO sin budsjettfordelingsmodell med sikte på ei heilskapleg vurdering av i kva grad han er med på å stimulere til effektiv ressursbruk og måloppnåing. Vi er med i SAK-Innkjøp-prosjektet. Det blir avslutta i mars 2014. Vi ser at vi må styrke innsatsen på det området. I tillegg til SAK-Innkjøp-prosjektet vert det samarbeidd med høgskulane på Nordvestlandet på dei fleste av kontora i fellesadministrasjonen i stor grad også utanom denne type sentralt initierte prosjekt. Ny kontoplan er innarbeidd og økonomimodellen er revidert. Det vart i august 2013 sett ned ei gruppe som skal sjå på korleis ein skal få auka eksterne inntekter. I arbeidet med HMS-handboka har vi avdekket område som treng skriftlege retningslinjer og intern ansvarsfordeling. Det vart arrangert ein Innkjøpsdag i

januar 2013 og oppfølging av denne i februar 2014. Tilsvarende bolkar er planlagt for BOA. Bibliotekgruppa i UH-nett Vest har hatt fleire møte i 2013, m.a. for å følgje opp prosjektet «På Tvers – regional tilgang til forskningsressurser», som vi har fått SAK-midlar til. Vi har dialog med Volda kommune om ei mogeleg arealløysing, men framdrifta har ikkje vore god.

Verksemdmål 4.2: Høgskulen i Volda skal gjennom sin personalpolitikk medverke til eit høgt kompetansenivå og eit godt arbeidsmiljø for dei tilsette

Styringsparameter:

- Del førstestillingar av totalt tal undervisnings-, forskar- og
- Del kvinner av tilsette med førstekompetanse
- Tal kvinner i toppstillingar (tiltak i FoU-planen)
- Del mellombels tilsette
- Gjennomsnittleg sjukefråvær pr år

Tiltak:

- Styrke satsinga på kompetanseheving for fagleg og administrativt tilsette
- Vidareføre incentivordninga for fast tilsette som ønskjer å ta doktorgrad
- Arrangere samling for nye tilsette hausten 2013
- Tilby kurs i engelsk for alle tilsette
- Tilby program i høgskulepedagogikk for fagleg tilsette
- Få godkjent retningslinjer for oppfølging av sjukmelde
- Få godkjent retningslinjer for handtering av konflikthandtering og mobbing/trakassering
- Syte for at alle leiarar gjennomfører årleg medarbeidersamtale med alle sine tilsette
- Legge til rette for å rekruttere og halde på tilsette med førstekompetanse
- Implementere data-system for HMS-aktivitet
- Sikre leiarutvikling med fokus på handtering av personaloppgåver
- Revidere lønspolitisk plan
- Bidra aktivt til måloppnåing i den sentrale IA-avtalen

Kommentarar:

Det blir arbeidd godt med desse tiltaka. Vi har fleire administrativt tilsette som tek etter- og vidareutdanning og får støtte frå interne midlar. Incentivordninga for fast tilsette som ønskjer å ta doktorgrad fungerer godt. Fire nye har starta opp i 2013. Det er sett ned ei gruppe som skal arbeide med tiltak for å rekruttere og halde på tilsette med førstekompetanse/toppkompetanse. Det er lyst ut to professorstipend H-13 som eit tiltak for å auke delen toppkompetente. Samling for nytilsette er gjennomført. Det er arbeidd aktivt med HMS i 2013. HMS-handboka vart lansert på HMS-dagen og er teken i bruk. Retningslinjer for oppfølging av sjukmelde er på plass, og det er halde undervisning i oppfølging av sjukefråvær og konflikthandtering som ledd i leiaropplæringa. Det er etablert IA-utval ved HVO der alle partane er representerte. Arbeidet med å revidere lønspolitisk plan er nesten i mål. Engelskkurs er ikkje gjennomført i 2013.

Verksemdmål 4.3: Høgskulen i Volda skal ha ein beredskapsplan som støttar sentrale krav og føringar

Tiltak:

- Revidere beredskapsplan og tilstøytande område
- Gi trening i bruk av verktøy til risiko- og sårbarheitsanalysar
- Vurdere beredskapen knytt til terrortrugsmål
- Arrangere kurs for studentar om trygg ferdsel i naturen
- Gjennomføre kriseøving for tilsette som har oppgåver knytt til beredskapsplanen
- Vurdere bruken av søkjemotor for overvaking av veven
- Halde fram arbeidet med fornying av infrastruktur for nettverk og oppfølging av ROS-analyse
- Vurdere verkemiddel til varslings i samband med kriser
- Førebygge misgjerning i ulike kontekstar gjennom bevisstgjerings og opplærings

Kommentarar:

Alle tiltaka blir følgt godt opp. Arbeidet med beredskapsplanen har hatt høg prioritet i 2013. Aktuelle leiarar og tilsette har delteke på fleire seminar om beredskap retta mot UH-sektoren. Vi har fått innspel og råd frå Norges Idrettshøgskule som nettopp har laga beredskapsplan, og hausten 2013 har vi hatt fokus på revidering av planen. Intern opplærings i risikovurdering er gjennomført. Beredskapsplanen var tema på HMS-dagen 15.oktober. Kriseøving vart arrangert i desember. Vi har testa ut varslings i samband med kriser. Erfaringa er at det er muleg å varsle både studentar og tilsette via SMS med dei systema vi allereie har.

Merknader til tabell: Driftskostnadar sett i forhold til avlagde 60-studiepoengeiningar viser at vi har ei effektiv forvaltning av ressursane.

Frå 2010 til 2011 hadde vi ein stor auke i eigenfinansiert studiepoengproduksjon. Auken vart delvis finansiert gjennom negative avrekningar og elles generell varsemd i kostnadsbruken. I 2013 fekk vi verknaden inn i budsjetttramma gjennom den resultatbaserte del av løyvinga, og saman med effekten av kategoriheving i lærarutdanninga gjer dette at vi i 2013 fekk ei relativ stor positiv avrekning. Når vi no får fleire naudsynte tilsettingar på plass forventar vi at kostnadssida vil stabilisere seg på nivå med inntektene.

Frå 2012 til 2013 har vi ein auke i opptente inntekter BOA inkludert studieavgifter, der auken i hovudsak er knytt til studieavgifter. Tilskot til bidragsprosjekt gjennom NFR og andre er om lag på same nivå som fjoråret og vesentleg lågare enn i åra 2009 til 2011.

Trenden er at vi får stadig fleire førstestillingar, både som del av totalt tal fagstillingar og del kvinner med førstekompetanse. Men auken ligg noko under ambisjonsnivået, noko som skuldast avgang av tilsette med høg kompetanse. Sjukefråværet gjekk noko opp i 2013. Vi har ikkje gode forklaringar på det, men vi er temmeleg sikre på at det ikkje er knytt til arbeidsrelaterte forhold. Vi nådde heller ikkje ambisjonsnivået på mellombels tilsette. Her fekk vi ein auke i staden for ein nedgang. Auken finn vi i gruppa administrativt tilsette. Det skuldast delvis auken i sjukefråværet som førte til behov for vikarar og at vi har gjennomført fleire prosjekt. Når vi ikkje makta å redusere talet på mellombels fagtilsette skuldast det m.a. liberal permisjonspolitikk.

Tabell til sektormål 4	Resultat				Ambisjonsnivå	Resultat
	2009	2010	2011	2012	2013	2013
Driftskostnader pr avlagde 60-studiepoengeining (1 000 kr)	138	143	130	129	145	131
Driftskostnader pr publikasjonspoeng (1 000 kr) *	3 121	3 176	2 573	3324	3 100	*
Tilhøvet mellom tilsette i undervisnings-, forskings- og formidlingsstillinger og talet på tilsette i administrative stillingar	2,47	2,61	2,5	2,3	2,5	2,4
Del førstestillingar av totale undervisnings-, forskar- og formidlingsstillinger	34 %	37 %	42%	45%	50 %	46%
Del kvinner med førstekompetanse	27,7 %	27,6 %	31,3 %	32,4%	38,0 %	36,0%
Del mellombels tilsette	29,9 %	26,8 %	24,3 %	19,8 %	16,0 %	21,6%
Tal kvinner i toppstillinger				2	3	1,7
Gjennomsnittleg sjukefråvær		5,2 %	5,1 %	4,3 %	4,0 %	5,3%
Avrekningar	-1 158	-10 680	-4 594	537	5 700	17 605
Likviditetsgrad (omløpsmidlar i høve til kortsiktig gjeld)	1,79	1,53	1,42	1,46	1,50	1,69
Opptente inntekter BOA inkludert NFR-midlar og studieavgifter	27 282	27 509	25 505	21 991	26 000	24 645

**Tal for 2013 ligg ikkje føre enno*

Forvaltning av aksjefullmakter

Høgskulen i Volda har hatt fire mindre aksjepostar som er investerte etter den nye ordninga frå 2003. I løpet av 2012 er det eine selskapet avslutta. Fullmakter til aksjekjøp i samsvar med reglementet frå KD er ikkje delegert til avdelingane.

Aksjepostane i *Møreforsking AS* og i *Høgskolesenteret i Kristiansund AS* er kjøp som er samordna med dei andre to høgskulane i fylket, og vi har gått inn med like store eigarpartar.

• Høgskolesenteret i Kristiansund AS

Høgskulen i Volda har tidlegare hatt stor aktivitet i Kristiansund. I hovudsak har vi hatt tilbod om allmennlærerutdanning, førskulelærerutdanning og PPU på deltid. Høgskulane hadde opphavleg tenkt at når vi var ute av avtalen om husleige og drift av senteret i Kristiansund, så skulle vi berre kome inn som brukarar av senteret dersom det var ein marknad for studietilboda våre – på lik linje med andre tilbydarar. Andre burde kunne ta seg av infrastruktur og drift.

Etter at vi fekk invitasjonen om å teikne aksjar i det nye selskapet, vurderte vi likevel situasjonen slik at vi burde gå inn og støtte etableringa. Det var i tråd med vårt ansvar for å bidra til kompetanseheving i regionen, og vi trur at det nye senteret kan vere ein nyttig reiskap her. Det vil også vere ein viktig symboleffekt at høgskulane er med i dette selskapet. Vi er tydelege på at vi vil

avgrense forpliktingane våre til å gå inn som eigarar og elles vere tilbydarar av studietilbod. Driftskostnadene til senteret må andre ta seg av.

- **Møreforsking AS**

Selskapet har som formål å drive forskings- og utviklingsarbeid, utgreiingar og rådgivande verksemd for næringsliv, offentlig forvaltning, organisasjonar og andre, samt delta i andre aktivitetar som står i naturleg samanheng med dette.

Høgskulane vurderer at eit samarbeid med Møreforsking er til styrke for alle.

- **Egget Eigedom AS**

Egget gjekk frå starten inn som eit delprosjekt i eit kulturhussenter i Volda. Egget er planlagt som eit lokale spesiallaga for framføring av akustisk og eksperimentell musikk. Det er tenkt laga med ei eineståande utforming der publikum er plassert i spiral på ulike nivå for å få ei optimal oppleving. Planen er at Egget kan gi rom for eit mangfald av aktivitetar: konsertar og visningar for t.d. orkester, kor, opera, korps og dans, innspelningar og opptak, installasjonar, multimedieprodukt og kulturproduksjonar. Det har vore meininga at lokalet også skal kunne nyttast til øvingar og forskings- og utviklingsarbeid.

Eigedomsselskapet Egget Eigedom AS vart skipa for å arbeide med å realisere dette delprosjektet.

Vi har satsa på utvikling av dei praktisk-estetiske fag som musikk, drama og forming, og derfor er dette prosjektet interessant. Framdrifta i prosjektet har dessverre ikkje vore den beste, og det er framleis usikkert om selskapet kan overleve.

3. Planar for 2014

Sektormål 1 – utdanning

Høgskulane skal gi utdanning av høg internasjonal kvalitet i samsvar med samfunnet sine behov

Styringsparameter KD

- Gjennomføring på normert tid
- Del uteksaminerte kandidatar teke opp på doktorgradsprogram seks år tidlegare
- Kvalitativt styringsparameter: studentane skal lukkast med å oppnå læringsutbyttet som er definert for studieprogramma

Generell vurdering

Talet på studentar ved HVO har stabilisert seg på eit høgt nivå. Det er ikkje eit generelt mål å auke særleg meir. Men for å tilfredsstille behovet for lærarar i regionen og for å få ei meir berekraftig drift, er det ei prioritert oppgåve å auke opptaket på grunnskulelærarutdanningane, og særleg på 1 - 7. Vi må også auke studenttalet på nokre av masterutdanningane.

Samstundes er det eit prioritert mål å auke søkninga til studia våre generelt. Vi ønskjer større konkurranse om studieplassane for å sikre oss godt kvalifiserte og sterkt motiverte studentar. Det fører til betre gjennomstrøyming, meir inspirerende læringsmiljø og betre omdøme.

HVO skal utvikle fleksible femårige utdanningsløp med utgangspunkt i BA-utdanningane. Vi har for tida seks mastergrader. Mastergraden i spesialpedagogikk er omarbeidd til ein breiare lærarmaster med spesialisering i spesialpedagogikk, norsk og matematikk. Det kan bli aktuelt med fleire spesialiseringar i åra som kjem. Dersom framlegget om nye opptakskrav til PPU vert vedteke, fører det til ein ny situasjon for HVO. I åra framover vil vi då arbeide med planar for nye mastergradar i skulefag. Slike kan vere eigne eller i samarbeid med andre. På nokre område har vi alt utvikla tilbod saman med andre (RLE).

Den nye masteren i *Dokumentar og Journalistikk* er godt i gang. Det er eit mål å etablere mastertilbod for studentar i animasjon og PR, kommunikasjon og media og kulturfag. Strategien vår er å utvikle mastertilbod på fleire fagområde og samordne med dei eksisterande.

HVO er best på gjennomføring i bachelorutdanningane og blant dei beste på lærarutdanningane, men når det gjeld masterprogramma ligg fullføringa på HVO under gjennomsnittet. Graden av gjennomstrøyming varierer mellom studia. På nokre er fråfallet større enn vi ønskjer. Vi vil undersøkje nærare kvifor studentane fell frå og deretter vurdere aktuelle tiltak.

HVO har mange fleksible studietilbod med svært god søkning. Fleire av dei er nettstudium. I åra framover vil vi vidareutvikle digitale undervisnings- og vurderingsformer. Vår ambisjon er å vere blant dei aller beste på fleksible nettstøtta studietilbod. Dette stiller nye krav til pedagogisk kompetanse. Infrastrukturen og støttefunksjonar må også styrkast.

Når det gjeld samarbeid med andre institusjonar, vil HVO framleis prioritere lærarutdanningane i UH-nett Vest. Vi har gjort gode erfaringar med distanseovergripande undervisningssamarbeid både i norsk og religion. Utviklinga av det vidare samarbeidet vil m.a. bygge på desse erfaringane. Det er viktig for regionen at vi kan gje tilbod om så mange skulefag som mogeleg.

I regi av Mørealliansen er det utvikla ein PHD i helse- og sosialfag mellom HVO og HIM. Søknad om godkjenning er sendt til NOKUT. Føresetnaden for å realisere han er delvis ekstern finansiering.

Det blir arbeidd med ei ny yrkesfaglærarutdanning. Høgskulen i Volda har i 2013 teke aktiv del i dette arbeidet i Møre og Romsdal. Det skjer i tett samarbeid med Høgskolen i Ålesund, fylkeskommunen og næringslivet. Ein grunnidé er at utdanninga skal byggast rundt dei mulegheitene som dagens teknologi gir for IKT-basert undervising, læringsstøtte og kommunikasjon og erfaringsspreiing. HVO har søkt om 30 nye studieplassar pr år med studiestart hausten 2015 til denne utdanninga.

HVO reviderte kvalitetssystemet våren 2013. Etter tilråding frå NOKUT har vi forankra kvalitetsarbeidet betre i avdelingsråda og framheva programnivået meir i fagutvalsarbeidet. I 2014 vil vi evaluere revisjonen for å sjå om vi har nådd målet om auka bevisstgjerings- og betre informasjonsflyt.

Verksemdmål 1.1: Høgskulen i Volda skal vere høgskulen for human- og samfunnsvitskapane i regionen og skal vere nasjonalt leiande i yrkesretta medieutdanning. Institusjonen skal gi fag- og profesjonsutdanningar på bachelor-, master- og PhD-nivå for samfunnsutvikling, skule og barnehage, velferd, media og kultur.

Risikovurderingar:

Grunnskulelærarutdanninga har ikkje så god søkning som ho burde hatt. Det kan utgjere eit trugsmål mot fagporteføljen ved HVO og mot rekruttering av lærarar i regionen.

Eit anna trugsmål er framlegget om krav til master for å ta PPU. HVO er positiv til auka kompetanse for lærarar på alle nivå. Men framlegget kan få utilsikta følgjer for høgskular i distrikta og føre til mangel på kvalifiserte lærarar. I dag har høgskulen i mindre grad masterutdanning i skulefaga. Dersom vi skal kunne sikre god tilgang på lærarar i regionen, må vi satse på å utvikle fleire mastertilbod. For å få til det, treng vi auka strategisk løyving til fleire studieplassar på det nivået.

Det er framleis grunn til ein viss uro for om vi klarer å oppretthalde kvaliteten på journalistutdanninga som eit nasjonalt flaggskip. Vi har fått ei løyving til utstyr, men på grunn av den raske teknologiske utviklinga treng vi stadige oppdateringar og betre infrastruktur i form av nye lokale.

Vurderingane om utdanna kandidatar heng saman med 1.4. Dersom vi ikkje lukkast med å få god gjennomstrøyming, vil vi ikkje nå måla om kandidatproduksjon.

Tiltak:

- Arbeide for å sikre kvaliteten på medieutdanningane (bygningar og utstyr)
- Tilby deltidsutdanning GLU 1-7
- Starte ny yrkesfagleg Praktisk Pedagogisk-utdanning hausten 2014

Verksemdmål 1.2: Høgskulen i Volda skal samarbeide med andre utdanningsinstitusjonar med sikte på arbeidsdeling og konsentrasjon for å tryggje høgskulen si framtid og regionen sitt framtidige kompetansebehov

Styringsparametrar:

- Tal samarbeidstiltak med andre institusjonar
- Kvalitativt parameter om kva vi har fått ut av samarbeidet

Risikovurderingar:

I Møre og Romsdal er der allereie stor grad av arbeidsdeling mellom høgskulane. Vi ser ikkje store problem med å kunne gå inn i samarbeid på nye område. Men når det gjeld samordning av mastertilboda i helse og sosial, kan det by på utfordringar å gi slepp på det ein har opparbeidd på eigen institusjon. Realiseringa av ein PHD kan trugast av manglande ekstern finansiering og problem med å rekruttere fagtilsette til toppstillingane.

Når det gjeld samarbeidet om GLU i UH-nett Vest, så har alle involverte eigeninteresse i at det lukkast. Utfordringa ligg i å få til godt samarbeid mellom faglærarane og å prioritere midlar til utstyr.

Tiltak:

- Vidareutvikle grunnskulelærerutdanningane i UH-nett Vest i tråd med retningslinene frå KD
- Samarbeide med dei andre høgskulane i UH-nett Vest om vidare utvikling av den nye Barnehagelærerutdanninga
- Delta i Prosjekt Mørealliansen med fokus på fagleg utvikling og samarbeid innafor FoU og utdanning. Prioriterte område i 2014 er ny yrkesfaglærerutdanning og erfaringsbasert master i folkehelse
- Tilby masterutdanning i helse og sosialfag i samarbeid med helse- og sosialfaga i UH-nett Vest
- Samarbeide med sosialfagmiljøa i UH-nett Vest om arbeidsdeling og utnytting av fagleg kompetanse
- Vere aktiv i samarbeidet i UH-nett Vest om utvikling av nye vidare- og etterutdanningstilbod for barnehage og skule
- Følgje opp inngått intensjonsavtale med NLA høgskulen i Bergen om GLU-master i RLE
- Arbeide for å sikre ekstern finansiering av PhD i helse- og sosialfag

Verksemdmål 1.3: Høgskulen i Volda skal vere ein attraktiv høgskule både regionalt og nasjonalt

Styringsparametrar:

- Tal søkjarar pr studieplass
- Søkning til Høgskulen i Volda gjennom Samordna Opptak
- Tal nye studentar på GLU
- Tal nye studentar på sosialfag

Risikovurderingar:

Det største trugsmålet mot måloppnåinga er at vi ikkje får tilstrekkeleg opptak til dei viktige grunnutdanningane. Sjølv om vi hadde eit bra opptak av nye studentar i 2013, har vi framleis ikkje god nok rekruttering til grunnskulelærerutdanningane. Vi ønskjer oss også meir konkurranse om studieplassane til dei andre velferdsutdanningane. Det er eit trugsmål mot Høgskulen i Volda at velferdsstatens yrke har låg status, og at det er lett tilgang på godt løna arbeid i privat sektor i regionen. Dette er det lite HVO kan gjere med. Sentrale styresmakter har eit ansvar for å gjere velferdsutdanningane meir attraktive.

På grunn av låg basisløyving er HVO mellom dei høgskulane som har flest studentar pr tilsett. På sikt kan det føre til at HVO ikkje maktar å halde oppe kvaliteten på undervisninga og dermed bli mindre attraktiv.

Tiltak:

- **Vidareutvikle rekrutteringsplanen med prioriteringar av lærarutdanningane og sosialarbeidarutdanningane**
- **Arbeide for betre vevsider**
- **Bygge omdøme**
- **Arbeide for auka strategisk løyving**

Verksemdmål 1.4: Høgskulen i Volda skal tilby eit godt læringsmiljø med undervisnings- og vurderingsformer som sikrar fagleg innhald, læringsutbytte og god gjennomstrøyming.

Styringsparametrar:

- Gjennomføring på normert tid
Kvalitative:
- Studentane skal lukkast med å oppnå læringsutbyttet som er definert for studieprogramma

Risikovurderingar:

Trugsmålet mot måloppnåinga her heng saman med 1.3. Dersom ikkje HVO får gode og motiverte studentar, kan det føre til fråfall som går ut over gjennomstrøyminga. Dersom undervisnings- og vurderingsformene i studia ikkje er tilpassa læringsutbyttet, kan det også gå ut over måloppnåinga. Eit anna trugsmål er om vi har god nok kontakt med praksisfeltet, og om studia har rette relevansen for arbeidslivet.

Realiseringa av handlingsplanen for inkluderande læringsmiljø kan bli hindra av knappe budsjett og sviktande samarbeid med Statsbygg. Det kan føre til at vi ikkje kan leggje til rette for at studentane kan gjennomføre studia på normert tid.

Tiltak:

- **Vidareutvikle kontakta med samfunn/profesjon/arbeidsliv og sikre at profesjonsutdanningane fagleg sett er oppdaterte og at innhald og arbeidsmåtar er relevante for seinare profesjonsutøving**

- Arrangere seminar saman med Studenttinget om studieteknikk, akademisk skriving og bruk av dataprogram i oppgåveskrivinga
- Vidareutvikle tilbodet i høgskulepedagogikk
- Gjennomføre brukarundersøkingar om studentvelferd, programevalueringar og fråfalls- og kandidatundersøkingar
- Samarbeide med eigarane av bygga våre om universell utforming og tilby studentane arbeidsplassar tilpassa ulike behov
- Vidareføre pilotprosjekt med eksamen på PC
- Gje studentar innsikt i og erfaring med FoU-arbeid
- Evaluere revisjonen av kvalitetssystemet
- Innføre kollegarettleiing i undervisninga
- Sikre innhald og kvalitet i studietilboda

Verksemdmål 1.5: Høgskulen i Volda skal ha eit målretta internasjonalt samarbeid som aukar kvaliteten i utdanningane

Styringsparametrar:

- Tal på utvekslingsstudentar – inn- og utreisande
- Tal på engelskspråklege studietilbod

Risikovurderingar:

Høg kvalitet er avhengig av at dei fagtilsette har nok ressursar, både tidsmessig og økonomisk til å reise på partnerbesøk og ta i mot partnerar.

Å koordinere, oppretthalde og eventuelt auke mobiliteten krev mange ressursar. Høgskulen i Volda har knappe ressursar, noko som kan truge måloppnåinga.

Tiltak:

- Arbeide for å auke talet på inn- og utreisande utvekslingsstudentar og auke praksismobiliteten gjennom Erasmus-programmet
- Utvikle fleire engelskspråklege emne
- Vise til internasjonal forskning og litteratur og gjere studentane medvitne om at dei etter studiet skal arbeide i eit fleirkulturelt samfunn
- Leggje til rette for og kvalitetssikre studieopphald ved utanlandske lærestader
- Utvikle tettare samarbeid med utvalde utanlandske lærestader med sikte på systematisk samarbeid om profesjonsutdanningar på BA- og MA-nivå
- Auka informasjon på engelsk, både av studietilbod, FoU og annan aktivitet
- Vidareutvikle dei engelske nettsidene og få på plass ein god presentasjon av partner-institusjonane våre
- Halde fram med det internasjonale samarbeidet om Teaching Artists
- Utvikle ein nordisk fellesmaster med Åbo Akademi og Teologiska Högskolan Stockholm
- Samarbeide med Cardiff University om PhD
- Sikre kvaliteten for utanlandske studentar på HVO

Tabell til sektormål 1	Resultat				Resultat	Ambisjons- nivå
	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Talet på primærskolar i samordna opptak	1312	1187	1349	1496	1196	1300
Talet på primærskolar per studieplass	1,3	1,3	1,3	1,3	1,4	1,5
Opptak til GLU		80	84	84	84	100
Opptak til Sosialfag	107	124	151	121	127	120
Talet på studietilbod i samarbeid med andre norske institusjonar (fellesgrader)	0	0	2	2	2	6
Talet på studietilbod i samarbeid med andre institusjonar	5	5	3		5	8
Talet på utvekslingsstudentar (ut/innreisande)	179	168	182	244	216	220
Talet på engelskspråklege studietilbod (15 stp)	13	7	7	21	20	24
Uteksaminerte masterkandidatar	29	30	53	55	74	70
Uteksaminerte PPU-kandidatar	69	44	69	62	84	80
Nye studiepoeng per eigenfinansiert heiltidsstudent per år	50,0	47,0	48,8	52,4	51,1	53,0
Studentar per undervisnings- forsknings- og formidlingsstilling	16,2	16,8	18,2	21,2	20,3	16,0
Gjennomføring i høve avtalt utdanningsplan i prosent	85,4	86,2	83,0	86,4	85,7	87,0

Sektormål 2 - forskning

Høgskulane skal i tråd med sin eigenart utføre forskning, kunstnarisk og fagleg utviklingsarbeid av høg internasjonal kvalitet.

Styringsparameter KD (kvalitative)

- Resultatoppnåing på forskning i forhold til eigenarten
- Samspel mellom forskning og utdanning
- Forskingsinnsats i profesjonsfaga

Generell vurdering

Høgskulen sine forskingsområde ligg innanfor humaniora og samfunnsfag i vid tyding. I nokre av desse er det stort potensial for eksterne prosjekt gjennom NFR og EU-program eller oppdrag for regionalt næringsliv. I andre fag er det få slike midlar å hente. Høgskulen må bli betre på å utnytte

høvet der det finst relevante utlysingar og moglege samarbeidspartnarar. Samstundes må vi i stor grad basere oss på at FoU-aktiviteten er finansiert gjennom stillingsressursen. Difor er det eit hovudsiktemål å sikre betre utnyttinga av han.

I strategiplanen for FoU vert det peika på fleire utfordringar. Vi treng å få meir konsentrert tid til FoU, fleire aktive, kollegarettleiing, støttetiltak for stipendiatane, fleire kvinner i toppstillingar og auka søknads- og prosjektleiingskompetanse. Viktige tiltak i FoU-planen elles er å betre finansieringa av FoU-stipenda, oppretthalde og forbetre systemet for premiering av fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid, prioritere kvinner som er nær toppkompetanse ved søknader om stipend og forskingstid, og spreie meir informasjon om gode FoU-resultat. HVO vil sette i verk relevante tiltak for å møte desse utfordringane. I 2014 prioriterer vi styrking av budsjettposten for vikar ved FoU-stipend, såkornmidlar og oppretting av professorstipend. Mykje av FoU-verksemda ved HVO er profesjonsretta.

Verksemdmål 2.1: Høgskulen i Volda skal oppnå betre FoU-resultat ved god tilrettelegging

Styringsparametrar:

- Tal nasjonale publiseringspoeng
- Tal nasjonale publiseringspoeng pr fagtilsett
- Tal fagtilsette som publiserer

Risikovurderingar:

Eit trugsmål mot måloppnåinga er at forskingsverksemda vert nedprioritert i høve til undervisninga. Ein føresetnad for effektiv forskning kan vere meir samanhengande tid til FoU. Eit anna trugsmål er tap av toppkompetanse til andre institusjonar og ved oppnådd aldersgrense. Eit tredje trugsmål er at dei største institusjonane vert prioriterte ved tildeling av t.d. SHP slik at mindre høgskular ikkje når opp.

Tiltak:

- Leggje til rette for bolkelegging av FoU-ressursar
- Gi tilbod om professorstipend
- Gi tilbod om at tilsette i fagstilling får kople seg til forskargrupper
- Kollegarettleiing skal nyttast for å hjelpe nytilsette med å kome i gang
- Evaluere løyvinga til dei interne forskingsprosjekta med tanke på mogleg forlenging
- Stimulere tilsette til å ta del i nasjonale og internasjonale forskarnettverk gjennom til dømes NFR- og EU-programma
- Styrke kompetansen/ressursane i søknadsskriving gjennom kurs i skriving av forskingsprosjekt

Verksemdmål 2.2: Høgskulen i Volda skal samarbeide aktivt i nettverksorganiserte kvalifikasjonsprogram og forskarskular

Styringsparametrar:

- Tal fellestiltak som HVO deltek i

Risikovurderingar:

Ei utfordring er at om ikkje maktar å utnytte medlemskapen i forskarskulane godt nok. Det er ikkje sikkert at institusjonsavtalar og individuelle preferansar fell saman sidan kursmarknaden er så stor. Vi kan heller ikkje ta for gitt at dei store institusjonane (universiteta) prioriterer samarbeid med høgskulane om forskarskular.

Tiltak:

- Samarbeide aktivt med andre institusjonar i inn- og utland om forskarutdanning
- Utvikle Forskingsforum Møre som arena og nettverk for auka samarbeid mellom FOU-miljøa i Møre og Romsdal
- Samarbeide om søknad og gjennomføring av VRI Møre og Romsdal 2014-2016. Arbeide for å auke ramma for VRI offentleg sektor
- Stimulere til rekruttering av professor II-stillingar
- Vurdere utnyttinga av forskarskulane

Verksemdmål 2.3: Høgskulen i Volda skal gjennom tildelte stipendiatstillingar syte for god gjennomføring av forskarutdanninga.

Styringsparametrar:

- Del uteksaminerte kandidatar tekne opp på doktorgradsprogram seks år tidlegare
- Tal doktorgradsdisputasar

Risikovurderingar:

Ei vellukka forskarutdanning avheng av fleire faktorar: til dømes kandidaten si evne og livssituasjon, kvaliteten på rettleiinga og på støtteapparatet rundt. Eit trugsmål mot måloppnåinga er om oppfølginga av stipendiatar ikkje er god nok. Dette gjeld både oppfølginga ved dei doktorgradsgivande institusjonane og ved Høgskulen i Volda. Ein risiko kan også ligge i høg sjukmeldingsgrad og stor grad av utsetting.

Tiltak:

- Evaluere ordninga med å knyte stipendiatar til program
- Leggje til rette for gode forskingsmiljø med felles seminar og rettleiing for stipendiatane
- Følgje opp eige reglement for stipendiatar
- Syte for at alle stipendiatar vert følgde opp med medarbeidarsamtale minst ein gong i året
- Sikre kvaliteten på kandidaten gjennom intervju ved tilsetting, der vi formidlar krav og forventningar, og sjekkar motivasjon og drivkraft
- Leggje til rette for at stipendiatar kan ha kortare eller lengre utanlandsopphald

Verksamdmål 2.4: Høgskulen i Volda skal vere internasjonalt orientert i forskinga

Styringsparameter:

- Omfang av internasjonal publisering og forskarutveksling

Risikovurderingar:

Internasjonalt forskningssamarbeid har høge kostnader til prosjektinitiering og administrasjon. Statlege høgskular har då også fått dårleg gjennomslag på EU-prosjekt. Internasjonalisering kan bli eit mål i seg sjølv og ikkje eit middel for å styrke høgskulens forskings- og utviklingsarbeid.

Tiltak:

- Engelskkurs, språkvask, støtte til utanlandsopphald for stipendiatar og støtte til deltaking på internasjonale konferansar
- Deltaking som partner i internasjonale prosjekt
- Utvikle forpliktande institusjonelle samarbeid om forskning

Tabell til sektormål 2	Resultat				Resultat	Ambisjons-nivå
	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Publikasjonspoeng pr undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling	0,43	0,39	0,66	0,48	*	0,50
NFR-tildeling pr undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling (1 000 kr)	38	33	22	22	30	35
EU-tildeling pr undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling (1 000 kr)	0	0	0	0	2	6
Talet på fagtilsette som publiserer på nivå 1 og 2	39	49	50	64	*	65
Tal på fagtilsette som bidrar med interne FoU-poeng				130	*	135
Talet på fellesiltak som HVO deltek i					10	10
Talet på uteksaminerte doktorgradskandidatar teke opp seks år tidlegare						75%
Tal doktorgradsdisputasar			1	4	7	8

* Tal for 2013 ligg ikkje føre enno

Sektormål 3 - formidling

Høgskulane skal vere tydelege samfunnsaktørar og bidra til formidling, internasjonal, nasjonal og regional utvikling, innovasjon og verdiskaping

Styringsparametrar KD

- Inntekter frå bidrag og oppdragsfinansiert verksemd (BOA)
Kvalitativt styringsparameter:
- Samarbeid med samfunns- og arbeidsliv
- Fleksibel utdanning

Generell vurdering

HVO har allereie ei brei kontaktflate med i første rekke aktørar innanfor det regionale arbeidslivet, men vi samarbeider også aktivt med nasjonale aktørar som er mottakarar av kandidatane våre. Høgskulen i Volda har jamleg møte med sentrale aktørar regionalt og nasjonalt om utdanning og forskning. I desse dialogane får vi innspel til forbetring av grunnutdanningane, og vi legg grunnlag for utvikling av tilpassa etter- og vidareutdanningstilbod. Den eksterne verksemda har auka dei seinare åra, men vi har framleis potensial for vekst, spesielt innafor offentleg verksemd. Vi ser også muligheitene i det private næringslivet og har teke fleire initiativ der. Vi set av midlar i budsjettet for 2014 for å stimulere kontakta til eksterne aktørar.

Livslang læring vil i større grad prege arbeidslivet framover. HVO har allereie mange deltidsstudentar og har satsa mykje på å utvikle etter- og vidareutdanningstilbod. Her vil vi auke innsatsen. Dersom vi skal hevde oss i konkurransen om eksterne midlar (EVU, andre prosjekt), må vi styrke kompetansen på søknadsskriving og anbod.

Råd for samarbeid med arbeidslivet (RSA) Møre vart etablert i 2012 av Mørealliansen (høgskulane i Molde, Ålesund og Volda saman med Møreforskning) og Møre og Romsdal fylkeskommune. Gjennom halvårlege møte vil rådet vere eit forum for samarbeid om og samordning av strategiar og aktivitetar retta mot høgare utdanning og forskning for nærings-, arbeids- og samfunnslivet på Nordvestlandet. Rådet samlar dei viktigaste institusjonane og organisasjonane i fylket på feltet, og det fungerer som ein overbygning for det operative samarbeidet som institusjonane allereie har med nærings- og arbeidslivet. Høgskulen i Volda er oppteken av å vidareutvikle dialogen og å konkretisere samarbeidet på fleire felt og vere ein aktiv deltakar i den aktuelle debatten om struktur i sektoren.

Formidling er ein viktig del av samfunnsoppdraget vårt. Vi har utvikla vårt eige poengsystem for å stimulere formidlinga. Forskingsdagane er både god formidling og marknadsføring av HVO. Dei har hatt god oppslutning. Vi vil halde oppe innsatsen på desse områda.

Verksemdmål 3.1: Høgskulen i Volda skal vere ein attraktivt samarbeidspartnar i regional utvikling, innovasjon og verdiskaping

Styringsparametrar:

- Inntekter frå bidrag og oppdragsfinansiert verksemd (BOA)
Kvalitativt styringsparameter:
- Korleis vi samarbeider med samfunns- og arbeidslivet

Risikovurderingar:

Utfordringa er å få til ein god dialog med våre samarbeidspartnarar og å etablere møteplassar for å bli kjende med kvarandre. Eit trugsmål mot måloppnåinga er at viktige aktørar ikkje kjenner til kva kompetanse HVO har. Det gjeld særleg innafor det private næringslivet. Eit anna trugsmål kan vere konkurranse i marknaden.

Faste statlege og fylkeskommunale løyvingar til *Seanse – senter for kunstproduksjon* representerer eit gjennombrot etter lang tids arbeid med kunst for barn og unge ved HVO. Føresetnaden for drift av Seanse er at HVO held oppe aktiviteten innafor kulturfaga og sikrar den faglege kompetansen på feltet. Gjennom samarbeid mellom Seanse, Kulturnæringshagen og studietilbod i etablering innafor kulturnæringane, kan HVO medverke til auka aktivitet i samband med kunstnarleg verksemd og frie kreative yrke.

Tiltak:

- Samarbeide tett med regionale og nasjonale aktørar om kompetanseheving og utviklingsarbeid
- Vidareutvikle *Seanse – senter for kunstproduksjon* i samarbeid med KD, KUD og Møre og Romsdal fylke
- Arrangere nyskappingsseminar saman med Sunnmøre Kulturnæringshage og følgje opp nye forretningsidéar baserte på forskning og nyskapande studentarbeid
- Arbeide for etablering av kunnskapspark i Volda
- Arbeide for å vidareutvikle aktiviteten knytt til Vestnorsk filmsenter og opplevingssenteret for animasjon i samarbeid med lokalt næringsliv og Sunnmøre Kulturnæringshage
- Vidareutvikle tilbodet i industrianimasjon i samarbeid med industrien og helseføretak i regionen
- Vidareutvikle *Ut i jobb-dag* i samarbeid med kommunane i regionen
- Tilby kurs i prosjektstyring for fagleg tilsette

Verksemdmål 3.2: Høgskulen i Volda skal tilføre samfunnet resultata frå FoU-verksemda gjennom formidling og deltaking i offentleg debatt

Styringsparametrar:

- Tal konferansar/seminar
- Tal interne FoU-poeng

Risikovurderingar:

Vi ser ikkje nokon særleg risiko her. HVO har laga ei intern incentivordning som premierer formidling. Utfordringa er å få fleire til å vere aktive.

Tiltak:

- Halde fram med Forskingsdagane for å synleggjere FoU-verksemda
- Stimulere fagtilsette gjennom internt poengsystem til å drive foredragsverksemd, fagleg og populærvitskapleg formidling og kritisk debatt om aktuelle samfunnsspørsmål
- Vidareutvikle nettsidene til formidling av sentrale forskingsprosjekt, faglege ressursar og publikasjonar

- Arrangere fagkonferansar og seminar med utspring i forskingsverksemda i samarbeid med regionale, nasjonale og internasjonale aktørar
- Stimulere til publisering i opne kanalar

Verksemdmål 3.3: Høgskulen i Volda skal utvikle fleksible utdanningstilbod i samarbeid med regionale og nasjonale aktørar

Styringsparametrar:

- Eksternt finansierte studiepoeng
- Tal fleksible etter- og vidareutdanningstilbod

Risikovurderingar:

Lite kontakt og samarbeid med eksterne partar kan kople akademia frå praksis. Det kan gjere studietilboda våre mindre relevante og dermed redusere søkinga og gi mindre eksterne inntekter. Tilgangen på faglege ressursar kan vere ein kritisk faktor når det gjeld eksterne aktivitetar. Eit trugsmål mot måloppnåinga kan vere at dei tilgjengelege ressursane er bundne opp av arbeidsoppgåver i grunnutdanningane. Det er også en risiko om HVO ikkje har nødvendig kapasitet og kompetanse til å skrive gode søknader.

Utdanningsdirektoratet sine prioriteringar når det gjeld "Kompetanse for kvalitet – eit varig system for kompetanseheving av lærarar" er eit trugsmål mot HVO sine ambisjonar når det gjeld etter- og vidareutdanning. Men lærarløftet til den nye regjeringa kan gi oss betre mulegheiter til å konkurrere om midlane.

Teknologiske nyvinningar gjer EVU-marknaden nasjonal; geografisk avstand er ikkje lenger hinder for å tilby studium. Dette gir store muligheter for HVO, men eit trugsmål kan vere at konkurransen aukar.

Tiltak:

- Arbeide for å få tildelt studieplassar til prioriterte vidareutdanningar i samband med det nye lærarløftet
- Samarbeide med regionale organisasjonar og etatar (kommunar, fylke, fylkesmann, NAV) om å arrangere kurs- og undervisningsopplegg knytt til velferds- og sosialtenester, leing, omsorg, utdanning
- Tilby intern skulering i søknadsskriving
- Gjere førelesingar og anna læringsstoff tilgjengeleg for studentar via internett, og vidareutvikle produksjons- og distribusjonsformer for dette
- Styrke den pedagogiske kompetansen og betre infrastrukturen for å leggje til rette for fleire former for fjernundervisning
- Tilby desentralisert eksamen for fjernstudentar
- Arbeide mot meir langsiktige avtalar om eksterne oppdrag
- Oppmode avdelingane til å setje av ressurs til eksternt arbeid som ein naturleg del av HVO sine oppgåver på line med forskning og formidling
- Inngå avtalar om risikodeling mellom fellesnivået og avdelingane for å stimulere til meir ekstern verksemd

Tabell til sektormål 3	Resultat				Resultat	Ambisjonsnivå
	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Omfang av bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA) (utanom NFR og EU)	12 096	11 072	9 210	7 231	9 551	10 000
Mottekne forretningsidear		12	1	2	3	4
Mottekne forretningsidear som har resultert i oppretting av selskap		5	1	3	3	2
Tal interne FoU-poeng *	6 787	6 284	4 989	6 821	*	6 500
Tal konferansar/seminar					19	20
Tal eksternt finansierte studentar	251	250	184	262	245	280
Tal studentar fjernundervisning					1082	1250

**Tal for 2013 ligg ikkje føre enno*

Sektormål 4 - organisering

Høgskulane skal ha effektiv forvaltning av verksemda, kompetansen og ressursane i samsvar med samfunnsrolla si

Styringsparameter KD

- Del kvinner i dosent og professorstillinger
- Del mellombels tilsette
- Kvalitativt styringsparameter:
- Langsiktig økonomisk planlegging
- Robuste fagmiljø

Generell vurdering

Styret baserer den interne fordelinga på ein budsjettfordelingsmodell som er utvikla gjennom fleire år. Det har vore ein intensjon at vi skal vidareføre best mogleg dei prinsippa som ligg i fordelingsmodellen frå departementet, men samstundes ta i vare egne prioriteringar. Den årlege internfordelinga skal stimulere til effektiv ressursbruk, måloppnåing i høve strategiplanen og dei årlege planane og ved HVO, og ho skal sikre oppfølging av dei føringane om ressursbruk som departementet gir i tildelingsbrevet.

Budsjettmodellen vart evaluert i 2013. Styret skal handsame evalueringa i 2014 og ta stilling til mogelege endringar. Elles vil vi i 2014 arbeide meir med prosessar og verkty knytt til den langsiktige planlegginga.

Tilstandsrapporten 2013 viste at HVO framleis er blant dei mest kostnadseffektive høgskulane. I løyving pr studiepoeng ligg vi nest lågast og pr publiseringspoeng tredje lågast i høgskulegruppa. Kostnaden pr uteksaminert heiltidsekvivalent er også låg, og vi utnytter ressursane effektivt. Studenttalet har auka kraftig dei seinare åra. Det har ført til press på arealet. Tal kvadratmeter pr student er redusert og lågt samanlikna med sektoren elles. Vi arbeider for tida med ein analyse av arealbehovet.

HVO har vore med i SAK-innkjøp i regi av NTNU. Det er viktig at det blir følgt opp. Vi støttar arbeidet i sektoren for å få samle økonomi og løn i eitt system, og at det vert oppretta nasjonale kompetansesenter knytt til løn og rekneskap spesielt for vår sektor.

HVO står framfor eit generasjonsskifte. Om nokre år vil mange av dei tilsette med toppkompetanse gå av med pensjon. For å halde på dei robuste fagmiljøa, og styrke dei som ikkje er robuste nok, må HVO styrke innsatsen for å rekruttere nye, godt kvalifiserte fagfolk og samstundes leggje til rette for å heve kompetansen til eigne tilsette. I budsjettet for 2014 ligg det inne auka satsing på kompetanseutvikling og forskning.

Systematisk HMS- og beredskapsarbeid er ei høgt prioritert oppgåve for HVO. Det er krevjande å imøtekomme endra krav frå sentrale hald i eit tempo som tek vare på behova for forankring i organisasjonen. Systematisk HMS-arbeid og fokus på risikoerkjenning har lett for å bli utsett og nedprioritert dersom det ikkje vert sett klare mål og fristar. Utsifting i bemanning på grunn av aldersavgang gir risiko for at mykje uskriven kunnskap forsvinn frå organisasjonen.

Høgskulen i Volda skal ha eit fungerande beredskaps-system basert på ROS-analysar som vert oppdatert jamleg. Dette systemet skal bestå av 1) ein overordna plan som er tilpassa organisasjonen og tilhøva i lokalmiljøet, og 2) konkrete tiltaksplanar knytt til ulike scenario. Tilsette som er involverte i beredskapsplan og tiltak under den skal få øving i rolla og oppgåvene sine kvart år.

Verksemdmål 4.1: Høgskulen i Volda skal ha organisering, system og ordningar for å sikre ei god og effektiv forvaltning av ressursane.

Styringsparametrar:

- Driftskostnader pr avlagde 60-studiepoengeining
- Driftskostnader pr publikasjonspoeng
- Tilhøvet mellom tilsette i undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar og talet på administrative stillingar
- Nye rammeavtalar inngått

Risikovurderingar:

Høgskulen i Volda har i dag over 20 ulike system knytt til sentrale administrative område. Dei fleste er vi pålagde å implementere og bruke. Det er ein risiko knytt til kontinuiteten i bruk av systema fordi det er få tilsette som bruker kvart av dei til dagleg, og det er ikkje ressursmessig muleg å ha «back-up»-kompetanse tilgjengeleg i så stor grad som ein kunne ønskje.

Ein risiko kan også vere at same personen til tider er inne i for mange prosessar i leverandørregisteret: registrering av leverandøren, bilagsregistrering og remittering.

Dagens ordning med instituttleiarar/seksjonsleiarar utpeika av dekan for korte periodar gjer det vanskeleg å få kontinuitet og tilstrekkeleg kompetanse på det nivået.

Eit trugsmål er for lite areal på grunn av auke i studenttalet. Det kan truge målet om fleire fleksible undervisningsløyisingar. Det kan føre til eit lite attraktivt arbeidsmiljø for tilsette og studentar.

Tiltak:

- Arbeide kontinuerleg for å sikre god planlegging og oppfølging gjennom tenlege budsjetteringsverktøy
- Samarbeide med høgskulane på Nordvestlandet (Molde, Ålesund, Sogn og Fjordane) om studieadministrative tenester, IKT og innkjøp
- Revidere innkjøpsstrategi og prosess
- Lage oversikt over særskilt sårbare arbeidsområde og rutineomtalar for å sikre overlapping
- Samarbeide med biblioteka i UH-nett Vest om kompetansehevingstiltak og effektiv ressursutnytting gjennom felles løyisingar
- Starte opp Prosjekt Campusutvikling i samarbeid med Statsbygg
- Arbeide for å få auka strategisk løyving

Verksemdmål 4.2: Høgskulen i Volda skal gjennom personalpolitikken medverke til eit høgt kompetansenivå og eit godt arbeidsmiljø

Styringsparameter:

- Del førstestillingar av totalt tal undervisnings- og forskingsstillingar
- Del kvinner av tilsette med førstekompetanse
- Tal kvinner i toppstillingar
- Del mellombels tilsette
- Gjennomsnittleg sjukefråvær pr år

Risikovurderingar:

Ein stram arbeidsmarknad og lokalisering i distriktet kan medverke til at Høgskulen i Volda taper konkurransen om dei gode søkjarane. Det er og ei utfordring å halde på arbeidstakarar med høg kompetanse. Det er ein risiko at godt kvalifiserte tilsette sluttar fordi vi ikkje kan tilby gode nok vilkår ut frå dei økonomiske rammene vi disponerer. Stor del tilsette i aldersgruppa 62 + gir risiko for tap av toppkompetanse.

Gode arbeidsmiljø utviklar seg best når tilsette opplever rimeleg grad av stabilitet, mulegheit til medverknad og rammer for å løyse forventa oppgåver. Dette fordrar system og strukturar i organisasjonen. Manglande systematisk oppfølging av problematikk knytt til helse, miljø- og tryggleik er ein risiko. Endring i rammevilkår, interne omorganiseringar og konflikhtar av ulike slag er og potente risikofaktorar for arbeidsmiljøet.

Tiltak:

- Styrke satsinga på kompetanseheving for fagleg og administrativt tilsette
- Lage rekrutterings- og kompetanseutviklingsplan
- Vidareføre incentivordning for fast tilsette som ønskjer å ta doktorgrad
- Tilby professorstipend
- Legge til rette for å rekruttere og halde på tilsette med førstekompetanse
- Sikre leiarutvikling med fokus på handtering av personaloppgåver gjennom modulbasert leiaropplæring
- Bevisstgjer i tilsetjingsutval og leiarfora kring tilhøve som bidreg til færre mellombelse tilsetjingar
- Arbeide systematisk med opplæring innan prioriterte HMS- område
- Vurdere kartleggingsverktøy for psykososialt arbeidsmiljø

Verksemdmål 4.3: Høgskulen i Volda skal ha ein beredskapsplan som stettar sentrale krav og føringar

Risikovurderingar:

Høgskulen i Volda sine studentar, tilsette, bygningsmasse og infrastruktur kan trugast av ulike uføresette hendingar. I slike tilfelle skal organisasjonen agere etter ein beredskapsplan. Utfordringa er å vere budd på situasjonar som er lite sannsynlege. Beredskapsplanane bør dekke scenario som kan gje personskadar eller materielle skadar av eit visst omfang eller alvor. I hovudsak vil slike situasjonar kunne oppstå som følge av naturskade, ulukker eller kriminalitet.

Ny beredskapsplan og endring i sentral kriseleiing utgjer ein risiko i kriser dersom ikkje det vert øvd tilstrekkeleg - og erfaringar frå øvingar ikkje fører til erfaringslæring. Høgskulen i Volda har arbeidd svært mykje med beredskapsplan og -struktur i 2013, og det er gjennomført ROS-analysar i alle ledd i organisasjonen for konsekvensområdet menneskeleg liv og helse. Det er ein risiko om ikkje studentar med kommunikasjons- og rørslehindringar blir tekne vare på i samband med varslings.

Studentar og tilsette sin tryggleik kan setjast i fare gjennom ulukker eller kriminelle hendingar både på campus og på ekskursjonar i nærleiken og i utlandet. Ferdsel i naturen på Sunnmøre kan representere ein risiko dersom ein ikkje er budd. HVO har hatt nokre alvorlege ulukker der studentar har vore innblanda.

Når det gjeld bygningsmasse og IT-infrastruktur er det i hovudsak risiko knytt til naturskade, sabotasje- og slitasje-problematikk som krev beredskapsarbeid. HVO er svært avhengig av at IT-systema fungerer til ei kvar tid. Forventninga er høg oppetid døgnet rundt heile året. Straumbrot og manglande redundans er faktorar som er viktig å ha beredskap for.

Tiltak:

- Ferdigstille tiltaksplanar for usannsynlege hendingar
- Utvide og tilpasse bruken av verktøy til risiko- og sårbarheitsanalysar

- Gjennomføre varslingsøving og kriseøving
- Etablere gode arenaer for læring og meistring knytt til krise og beredskap i organisasjonen
- Kontinuerleg evaluering av beredskapen for studentar i utlandet
- Halde fram med kurs for studentar om trygg ferdsel i naturen
- Leggje til rette for bruk av interne system til varslings i samband med kriser
- Halde fram arbeidet med fornying av infrastruktur for nettverk og oppfølging av ROS-analyse

Tabell til sektormål 4	Resultat				Resultat	Ambisjonsnivå
	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Driftskostnader pr avlagde 60-studiepoengeining (1 000 kr)	138	143	130	129	131	140
Driftskostnader pr publikasjonspoeng (1 000 kr) *	3 121	3 176	2 573	3 324	*	3 200
Tilhøvet mellom tilsette i undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar og talet på tilsette i administrative stillingar	2,5	2,6	2,5	2,3	2,4	2,3
Del førstestillingar av totale undervisnings-, forskar- og formidlingsstillingar	34 %	37 %	42,3 %	45,3 %	46 %	50%
Del kvinner med førstekompetanse	27,7 %	27,6 %	31,3 %	32,4%	36,0 %	40,0%
Del mellombels tilsette	29,9 %	26,8 %	24,3 %	19,8 %	21,6 %	18,0%
Tal kvinner i toppstillingar				2	1,7	3
Gjennomsnittleg sjukefråvær		5,2 %	5,1 %	4,3 %	5,3 %	4,5%
Avrekningar	-1 158	-10 680	-4 594	537	17 605	8 650
Likviditetsgrad (omløpsmidlar i høve til kortsiktig gjeld)	1,79	1,53	1,42	1,46	1,69	1,50
Opptente inntekter BOA inkludert NFR-midlar og studieavgifter	27 282	27 509	25 505	21 991	24 645	26 000

**Tal for 2013 ligg ikkje føre enno*

3.2 Plan for tildelt løyving 2014

Løyvinga for 2014 er fordelt internt i styremøte 5. desember 2013, og det er skrive tildelingsbrev til avdelingane. Budsjettet er fordelt i rammer til avdelingane i samsvar med den vedtekne budsjettmodellen vår. Modellen stimulerer til god aktivitet mellom anna ved at premieringa av resultata som kjem gjennom finansieringsmodellen frå KD, så godt som råd vert vidareførte internt.

I samsvar med modellen har vi sett av midlar til satsingstiltak og til investeringsmidlar etter spesielle prioriteringar.

Studiepoengproduksjonen i 2012 er 4,8 % høgare enn i 2011 og som ein konsekvens av dette har vi fått ein auke i den resultatbaserte utdaningsløyvinga i budsjettet for 2014 på vel 5 mill. kr. I budsjettet for 2015 ventar vi ein reduksjon på 0,6 mill. kr som følgje av ein mindre nedgang i studiepoengproduksjonen frå 2012 til 2013.

Presentasjon av den fordelte ramma for 2014.

Investeringsmidlar og 1 mill. kroner i tilskot til Seanse ikkje inkludert

Avdeling	Fordelt internt måltal frå 1.1.2014	Studiepoeng i 2012	Studiepoeng i 2011	Fordelt løyving til ordinær drift 2014	Samanlikning frå 2013	Fordelte satsingsmidlar og stipendiatar i 2014	Sum fordelt ramme inkl. satsing og stipendiatar i 2014
AKF	458	468	432	27 242	25 320	3 248	30 490
ASH	667	763	730	42 415	40 010	1 512	43 927
AMF	283	280	282	22 065	21 019	1 350	23 415
AHL	989	841	794	61 404	57 043	5 120	66 524
Fellseadm				37 789	35 604	1 011	38 800
Felleskostnader				71 272	67 873	1 163	72 435
Utsett/sentral fordeling		3	4	4 647	4 150	8 563	13 210
SUM	2 397	2355	2246	266 834	251 690	21 967	288 801

Heile tusen kroner

Fordelte satsingsmidlar

	2014	2013
Kompetanseutvikling	4 500	4 100
Spesielle satsingsområde ("skjønnsmidlar")	4 000	3 800
Internasjonalisering	250	250
Administrative utviklingsprosjekt	811	400
Rekruttering, kvalitetssikring. evalueringar med meir	705	792
Strategiske midlar for utdeling gjennom året	1 500	1 500
SUM	11 766	10 842

Heile tusen kroner

Avdelingane har høve til å leggje inn eit driftsbudsjett for 2014 som avvik frå den fordelte ramma for året. Det vert gjennomført eit dialogmøte med avdelingane før driftsbudsjettet for 2014 vert endeleg godkjent.

	2014	2013 samanlikning
Fordelte investeringsmidlar 1.000 kr		
PC-ar til studentar og tilsette	888	960
Nettverk, datalagring, programvare med meir	1 655	860
Videokonferanse /fjernundervisning	900	550
Skilting / tilgangskontroll	350	50
Oppgradering undervisningsrom, ventilasjon, lyd mm	740	2 330
Kopimaskiner, AV-utstyr med meir	1390	750
Teleslynger og drikkevasskjølar (LMU)	360	300
Nytt arkivsystem dokumentsenteret	615	
Ombygging stille lesesal		1 021
Utstyr knytt til AMF	735	1 360
Utstyr knytt til AKF	1 318	1 100
Utstyr knytt til ASH	190	125
Utstyr knytt til AHL	80	
Utstyr knytt til studentkantine	200	176
SUM fordelt	9 421	9 582
Ramme		9 087
Avvik		-495

I 2013 forskotterte vi kr 494 000 av 2014-løyvinga. Dette gjer at investeringsmidlar til fordeling for 2014 vert totalt 9.421.000 kroner. Desse er fordelt som tabellen over viser.

Ein samla presentasjon av budsjettfordelinga for 2014 er rapportert til DBH.